

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 27.01.2015
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 20.01.2015

Idar Tarberg
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/15	Protokoll frå førre møte.
PS 3/15	Delegerte saker
PS 4/15	Referatsaker
PS 5/15	Herøy Eiendomsutvikling as - 34/80 og 122 - Søknad om dispensasjon frå byggehøgd , inntrekt byggelinje og for oppføring av 2 og 3 etg over regulert parkeringsareal i sør - frå reguleringsplan for Fosnavåg sentrum aust.
PS 6/15	Kjellmar Tarberg 62/2 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av fritidstomt
PS 7/15	Tømrer Service AS 45/163 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP7 Dragsund - Oppføring av tomannsbustad med to etasjer og plassering av garasjebygg nærare veg enn regulert byggelinje
PS 8/15	Ingar Warholm 60/57 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av ubebygt del av bustadeigedom.
PS 9/15	Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/105 - Forlenging av dispensasjon i MTK-sak 13/14, jfr MTK-sak 44/12

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 1/15 Mellombels bruksløyve - 4/307
- DS 2/15 Sverre Holding AS 37/130 - Løyve til fasadeendring
- DS 3/15 Olav Kjellstadli - 16/91 - Endring kotehøgde
- DS 4/15 Karl Anton Voldnes 79/55 - Bruksløyve
- DS 5/15 Ferdigattest for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg
- DS 6/15 Bente Larsen Nerland/Magnus Nerland 16/131 - Endring av gitt løyve
- DS 7/15 Tømrer prosjekt as - 31/4 - Endra plassering hus 1 og 2
- DS 8/15 Ferdigattest 40/22
- DS 9/15 Mellombels bruksløyve - 45/170
- DS 10/15 Villy Kvalsund 63/1 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
- DS 11/15 Herøy kyrkje 37/15 - Ferdigattest for installasjon av løfteplattform/heis
- DS 12/15 Trond Kleppe - 76/39 - Rammeløyve bruksendring
- DS 13/15 Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av byggevarer til sel.
- DS 14/15 Nils Gunnar Valde - 45/159 - Endring av ansvarsrett
- DS 15/15 Endre Notø - 32/2 - Riving av naust
- DS 16/15 Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Ferdigattest for riving av brannskada hus
- DS 17/15 Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Ferdigattest
- DS 18/15 Anders Vold Enerhaug - 58/34 - Endring garasje/verkstad
- DS 19/15 Herøy Kommune - 29/151 - Tribuneoverbygg
- DS 20/15 Herøy Vasslag BA gnr 37 - Mellombels bruksløyve og førehandsvarsel
- DS 21/15 Herøy Vasslag 29/313 - Ferdigattest oppsetjing av pumpestasjon
- DS 22/15 Herøy kommune 34/84 - Ferdigattest for opparbeiding av parkeringsplass
- DS 23/15 Petter Oskar Pettersen Notø 40/6 - Mellombels bruksløyve

DS 24/15	Geir Knotten 45/166 - Ferdigattest
DS 25/15	Tømrer Prosjekt as - 37/503 - Støttemur
DS 26/15	Ferdigattest - 37/101 - tilbygg
DS 27/15	Jan-Lennart Berge 13/90 - Ferdigattest
DS 28/15	Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve seksjon 2
DS 29/15	Ferdigattest - drivhus
DS 30/15	Herøy kommune - 46/25 - Pipe
DS 31/15	Mellombels bruksløyve - 80/14
DS 32/15	Mellombels bruksløyve - 83/108
DS 33/15	Egersund Herøy AS 22/48 - Ferdigattest
DS 34/15	Aurvoll og Furesund 29/58 - Ferdigattest masseutskifting
DS 35/15	Aurvoll og Furesund AS 29/6,8,9,332 - Løyve til å legge ny vassleidning
DS 36/15	Ferdigattest pipe - 16/76
DS 37/15	Ferdigattest seksjon nr 5 - 5/65
DS 38/15	Geir Tjervåg 53/1 - Løyve til oppføring av driftsbygning
DS 39/15	Grethe Halleråker - 60/277 og 446 - Garasjebygg
DS 40/15	Herøy kyrkje 37/15 - Mellombels bruksløyve for deler av kjeller

Referatsaker

- RS 1/15 Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid
- RS 2/15 Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - Offentleg ettersyn
- RS 3/15 Rapport etter inspeksjon - Fosnavaag Pelagic AS
- RS 4/15 Klage på pålegg om fjerning av fartøyet Vollert, LKAE

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/15 Protokoll frå førre møte.

PS 3/15 Delegerte saker

PS 4/15 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/1169
		Arkiv:	34/80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/15	Maritim og teknisk komite	27.01.2015

HERØY EIENDOMSUTVIKLING AS - 34/80 OG 122

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG SENTRUM AUST PÅ BYGGEHØGD , BYGGELINJE OG FOR OPPFØRING AV 2 OG 3 ETG OVER REGULERT PARKERINGSAREAL I SØR.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan -og bygningslova §19-2 dispensasjon frå gjeldande RP «Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum aust»

Det vert gitt dispensasjonen for:

- byggehøgda på 10,0 m over gjennomsnittleg planert terreng til 10,0 m over plan i 1 etasje.
- den inntrekte byggelinja for 3 etg, mot Fv654 og p-plass.
- å vidareføre næringsbygget over regulert pareringsareal for etablering av næringsbebyggelse i andre og tredje etasje.

Dispensasjonen er gjeve på følgande vilkår:

- Fortausbreidde mot Vågsgata skal ha fri minimumsbreidde på 2,5 m
- Bygging over regulert p-areal skal ikkje kome i konflikt med frisktsoner. Fortausbreidde skal ha fri minimumsbreidde på 2,5 m.

Dispensasjonen vert grunngeven med at omsøkt tiltak vil bidra til ei fortetting og forsterking av Fosnavåg sentrum på ein positiv måte. Tiltaket vil ikkje tilsidesette omsynet bak plan eller føresegner og det er overvekt av fordelar knytt til omsøkt tiltak.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Herøy Eigedomsutvikling as, PB 183, 6099 Fosnavåg
Herøy kommune, anlegg-og driftsavdelinga, her
Statens Vegvesen, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- 01 - Søknad om rammeløyve
- 02 - Søknad om dispensasjon
- 03 - Situasjonsplan
- 04 - Skisser
- 05 - Reguleringsplan kart
- 06 - Høringsbrev
- 07 - Uttale frå Statens Vegvesen
- 08 - Uttale frå Fylkesmannen i MR
- 09 - Uttale frå anlegg og driftsavd. Herøy kommune
- 10 - Kommentar frå søker/tiltakshavar

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Prosjektbygg as, søker på vegne av Herøy Eiendomsutvikling as, om å få utvikle eigedommen på gnr 34, bnr 80 og 122 (Sparebank Møre-bygget).

Søknad er innregistrert hjå Herøy kommune 11.07.2014. Som vedlegg til søknad var søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for området – «Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum aust» Plan id 1515200904. Det er søkt dispensasjon frå 3 forhold:

1. § 3.3 - Dispensasjon for byggehøgda på 10,0 m over gjennomsnittleg planert terreng til 10,0 m over plan 1 etg.
2. § 3.3 - Dispensasjon frå den inntrekte byggelinja for 3 etg, mot Fv654 og p-plass.
3. § 4.5 - Dispensasjon for å bygge ei 2 og 3 etg over det planlagde parkeringsarealet mot sør/aust.

Utviklingsavdelinga starta si saksbehandling med å avklare om saka kunne handsamast som ei dispensasjonssak eller om tiltakshavar måtte gå vegen om regulering for å realisere omsøkt prosjekt.

Herøy kommune sende ut førebels svar i saka, 18.07.2014, og ba tiltakshavar om å supplere søknaden med dokumentasjon på parkeringsdekning, vise klart kva som er avvik i frå gjeldande plan og dokumentasjon på at ein sikrar gjennomgang mellom Vågsgata og «pocketparken».

Tiltakshavar kom med svarbrev i epost 22.08.2014 og dette saman med ei klargjering i forhold til nytt bygg og avstand til veg danna grunnlag for at saka kan handsamast som ei dispensasjon frå plan.

Søknaden og Søknadsprosessen:

Det aktuelle prosjektet er lokalisert midt i Fosnavåg sentrum og i eit område som siste tida har fått hotell og parkeringshus som nye bygg. Som grunngeving for vidare utvikling av område vert det oppgitt at aktuelt bygg ligg i eit område med vekst og at potensialet for meir kontor/forretning er stort. Tilbygg/påbygg er i tråd med føremålet i gjeldande reguleringsplan for området, men er avhengig av 3 dispensasjonar for å verte realisert slik som tiltakshavar ønsker.

Herøy kommune konkluderte med at saka kunne handsamast som ei dispensasjonsak og sende difor saka ut på høring til aktuelle høringspartar. Det ligg no føre uttalar frå følgjande høringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Statens Vegvesen
- Herøy kommune, anlegg og driftsavdelinga

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 11.11.2014

Ingen merknader til saka.

Uttale frå Statens vegvesen av 24.11.2014

Ingen merknader mot dispensasjon frå byggehøgda.

Statens Vegvesen seier klart at dei ikkje kan akseptere ei utbyggingsløyising som medfører redusert breidde på regulert fortau langs bygget. Breidda på fortau bør vere minst 2,5 m, jf vegnormalen - Statens Vegvesen si handbok N 100.

Statens Vegvesen har ingen sterke merknader til oppføring av 2 og 3 etg over regulert parkeringsareal i sør/aust. Dei påpeikar også her at fortausbreidda ikkje må verte innsnevra i forhold til dagen nivå. Frisiktsonene må sjølvstøtt oppretthaldast.

Uttale frå Herøy Kommune, anlegg og driftsavdelinga av 03.12.2014

Ingen merknad til dispensasjon frå byggehøgde.

Anlegg og driftsavdelinga er klare på at fortausbreidda må ha ei fri minimumsbreidde på 2,5m.

Anlegg og driftsavdelinga er positive til oppføring av 2 og 3 etg over regulert parkeringsareal i sør/aust, men dei har utarbeidd 4 punkt som må ivaretakast, jf punkt a-d i høringsbrevet.

a. Dersom kommunen skal drifte parkeringsplassen, må det ligge føre ein avtale som regulerar ansvarsforhold mellom p-plass og konstruksjonar som tilhøyrer

bygget. Kommunen kan ikkje ha ansvaret for evt. skader som konstruksjonen kan verte utsatt for.

b. Utifrå vedlagte teikningar (801 og 601) så vert høgda mellom p-plass og uk 2 etg 3,35m. Dette anser vi som ok. Det er viktig at denne høgda kjem tydelig fram ved skilting og at det er tydelig merking ved innkøyring til p-plass (td. som ved nytt parkeringshus ved hotellet).

c. Det er skildra at bygget følger kurvaturen til innregulert veg med ein avstand på 2m. Normalt er det føreset ein avstand på 3m for atkomstvegar, men for dette spesifikke arealet vert det vurdert som tilstrekkelig med 2m.

d. Konstruksjonsdelar (td. søyler) må plasserast slik at dei ikkje er til hinder for mjuke trafikantar (ikkje stele av fortausbreidde), frisiktsone i kryss, p-plassar, samt vanlig drift og vedlikehald av parkeringsplass.

Anlegg og driftsavdelinga minner om gangpassasjen frå Fv 654 til «pocketparken» som skal opparbeidast på same tid. Dersom kommunen skal drifte elementa der vil dei ha moglegheit til å kommentere materialval og detaljar for desse områda.

Kommentar frå søkar/tiltakshavar på merknadane av 19.12.2014

Prosjektbygg har gått gjennom dei innkomne merknadane og kome med sine tilleggsopplysningar/kommentarar.

I forhold til merknaden frå Statens Vegvesen vel dei å omprosjektere beresystemet. Omprosjekteringa er tenkt gjennomført slik at ein held fast på eksisterande fasade i 1 etg. mot gata – evt vil det kome ei lita påføring 5-10 cm – dette vil då gi ei fortausbreidde som er innanfor det Statens Vegvesen og AD sett som krav , nemleg 2,50 m.

I forhold til merknadane frå AD vil det som er påpeika der oppfyllast frå søkar/tiltakshavar si side – detaljprosjekteringa vil syne dette. Avtale med kommunen må også på plass – arbeid med dette vil starte så fort ein har avklart det denne saka går på, nemleg dispensasjonsspørsmålet frå gjeldande plan/føresegner.

Vurdering:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor område regulert i «Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, aust» Plan id 1515200904. Område er avsett til forretning og kontor, samt parkeringsføremål. For å få realisert planane om tilbygg/påbygg inneber det å få dispensasjon frå tre punkt i gjeldande føresegner til planen.

Tilbygget/påbygget vil vere med på å utvikle Fosnavåg sentrum slik at det får auka kapasitet på kontorlokalitetar i sentrumskjerna. Bygginga er tenkt gjennom fortetting og noko utviding av allereie eksisterande bygg, samt ei tilpassing til omkringliggende byutvikling.

Gjennom høringsrunden kom det fram at ein i det aktuelle plankartet for gjeldande plan ikkje finn målsett reguleringsbreidde på fortau. I planskildring m/føresegner av 24.11.2008 er det påført fortausbreidde 2,5m. Tilsvarande målsetting er ikkje påført på reguleringsplankartet for «RP Fosnavåg sentrum , aust». Statens Vegvesen les karta slik at reguleringsbreidda er lik på begge. Det er difor viktig at utbyggar/tiltakshavar følg dei retningslinjer som er gitt i uttalane til saka, det går spesielt på dette med fortausbreidde mot Vågsgata. Eit klart vilkår for å gi dispensasjon ligg i at det vert oppretthalde fri fortausbreidde på 2,5 m langs heile det «nye bygget» Statens Vegvesen påpeikte også i sin merknad at det ikkje er søkt særskild dispensasjon frå byggegrensa i høve til plassering av beresøylene.

Slik saka står er det framleis ein del forhold som må avklarast nærmare inn mot dei forhold som AD påpeikar i sin merknad. Dette vil ein finne svar på i vidare detaljprosjektering og vidare søknadsprosess. Det er ikkje registrert innvendingar frå naboane til det omsøkte tiltaket. Vidare vil omsøkt tiltaket tilføre meir bygningsmasse inn i sentrumsområdet og bidra til fasademessig løft for bygget.

Ein vurderer det til at omsyna bak planen eller omsyna bak føresegnene det vert søkt dispensasjon frå ikkje vert vesentleg satt til side i denne saka. Det er på same tid klar overvekt av fordelar knytt til omsøkt tilbygg/påbygg på Sparebank Møre-bygget.

Omsøkt tilbygg/påbygg er slik rådmannen ser det ikkje til ulempe for nokon av naboeigedomane. Plasseringa medfører at eksisterande bygningsmasse vert vidareutvikla på ein god måte. Rådmannen er klar på at utbyggar må ivareta dei krav som er stilt i forhold til merknadane frå regional og lokale mynde, jf avstand til veg (fortausbreidde 2,5m), frisiktsone og nok parkeringsdekning i forhold til det nye bygget.

Konklusjon:

Rådmannen rår maritim og tekinsk komite til å imøtekomme søknaden om dispensasjon frå-

- § 3.3 - Dispensasjon for byggehøgda på 10,0 m over gjennomsnittleg planert terreng til 10,0 m over plan 1 etg.
- § 3.3 - Dispensasjon frå den inntrekte byggelinja for 3 etg, mot Fv654 og plass
- § 4.5 - Dispensasjon for å bygge ei 2 og 3 etg over det planlagde parkeringsarealet mot sør/aust

i «Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum aust» Plan id 1515200904, med tanke på tilbygg/påbygg på gnr 34, bnr 80 og 122 i Herøy kommune. Vilkåra for å gi dispensasjon er gitt i punkt A og B i tilrådinga.

Ved å gi omsøkte dispensasjonar vil ein ikkje tilsidesette omsynet bak plan og føresegner , vidare er det klar overvekt av fordelar knytt til omsøkt tilbygg/påbygg på gnr 34, bnr 80 og 122.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen vesentlege

Konsekvensar for beredskap:
Bygget vert ein del høgare og Herøy brannvesen må kome med uttale i forbindelse med løysingar mht rømming mm.inn mot byggesaka.

Konsekvensar for drift:
Ingen vestlege

Konsekvensar for økonomi:
Ingen vestlege

Fosnavåg, 12.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Søknad om tillatelse til tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1	
<input checked="" type="checkbox"/> Rammetillatelse	
<input type="checkbox"/> Ett-trinns søknadsbehandling	
Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker	
Foreligger sentral godkjenning? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Hvis nei, vedlegg byggblankett 5159.	

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? Ja Nei

Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? Ja Nei

Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsettelse av tiltaket.

Søknaden gjelder									
Elendom/byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune		
	34	80,122					Herøy kommune		
Planlagt bruk/formål	Adresse				Postnr.	Poststed			
	Vågsågate 21				6090	FOSNAVÅG			
Tiltakets art pbl § 20-1 (flere kryss mulig)	<input type="checkbox"/> Bolig		<input type="checkbox"/> Fritidsbolig		<input type="checkbox"/> Garasje		<input checked="" type="checkbox"/> Annet: Kontorbygning		Bygn.typekode (jf. s. 2) 311
	Nye bygg og anlegg		<input type="checkbox"/> Nytt bygg *)		<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)		<input type="checkbox"/> Anlegg		<input type="checkbox"/> Veg
	Endring av bygg og anlegg		<input checked="" type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)		<input type="checkbox"/> Fasade		<input type="checkbox"/> Ombygging		<input type="checkbox"/> Anlegg
	Endring av bruk		<input type="checkbox"/> Bruksendring		<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift		<input type="checkbox"/> Sammenføyning		<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	Riving		<input type="checkbox"/> Hele bygg *)		<input type="checkbox"/> Deler av bygg *)		<input type="checkbox"/> Anlegg		<input type="checkbox"/> Reparasjon
	Bygn.tekn. installasj.**)		<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)		<input type="checkbox"/> Endring		<input type="checkbox"/> Sammenføyning		<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	Endring av bruk-enhet i bolig		<input type="checkbox"/> Oppdeling		<input type="checkbox"/> Sammenføyning		<input type="checkbox"/> Sammenføyning		<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	Innhengning, skilt		<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg		<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.		<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.		<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	Oppretting/ending av matrikkelenhet ***)		<input type="checkbox"/> Grunneiendom *)		<input type="checkbox"/> Anleggseiendom		<input type="checkbox"/> Festegrund over 10 år		<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A) **) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak. ***) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkeloven. Registrert eller underskriver i feltet for tiltakshaver.								

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon (Byggblankett 5175)	A	1 -	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	1 -	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (Kvittering for nabovarsel/Opplysninger gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/elendom	D	1 -	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	1 - 5	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Boligspeifikkasjon i Matrikkelen	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvirisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input checked="" type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift			
Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.			
Ansvarelig søker for tiltaket		Tiltakshaver	
Foretak Prosjektbygg AS	Org.nr. 966768673	Navn Herøy Eiendomsutvikling AS	
Adresse PB 183		Adresse Postboks 183	
Postnr. 6099	Poststed FOSNAVÅG	Postnr. 6099	Poststed FOSNAVÅG
Kontaktperson Sindre Thorseth	Telefon 70 08 79 00	Mobiltelefon 9150880915	Eventuelt organisasjonsnummer 977 232 228
E-post sindre@pbygg.no	E-post		Telefon (dagtid) 70 08 79 00
Dato 11.07.2014	Underskrift <i>Sindre Thorseth</i>		Dato 11.07.2014
Gjentas med blokkbokstaver SINDRE THORSETH		Gjentas med blokkbokstaver SINDRE THORSETH	

Bygningstypetekoder		
BOLIG		
<p>Dersom bruksarealet til bolig er større enn bruksarealet til annet enn bolig, velges bygningstype kodet innen hovedgruppen "Bolig" (111–199). Ved valg av bygningstype velges den med størst andel av arealet innen hovedgruppen.</p>		
<p>Enebolig</p> <p>111 Enebolig 112 Enebolig med hybel/sokkelløilighet 113 Våningshus</p> <p>Tomannebolig</p> <p>121 Tomannsbolig, vertikaldeilt 122 Tomannsbolig, horisontaldeilt 123 Våningshus, tomannsbolig, vertikaldeilt 124 Våningshus tomannsbolig, horisontaldeilt</p> <p>Rækkehus, kjedehus, andre småhus</p> <p>131 Rækkehus 133 Kjede-/atriumhus 135 Terrasehus 136 Andre småhus med 3- boliger eller flere</p>	<p>Store boligbygg</p> <p>141 Stort frittliggende boligbygg på 2 et. 142 Stort frittliggende boligbygg på 3 og 4 et. 143 Stort frittliggende boligbygg på 5 et. eller mer 144 Store sammenbygde boligbygg på 2 et. 145 Store sammenbygde boligbygg på 3 og 4 et. 146 Store sammenbygde boligbygg på 5 et. eller mer</p> <p>Bygning for bofellesskap</p> <p>151 Bo- og servicesenter 152 Studenthjem/studentboliger 159 Annen bygning for bofellesskap*</p>	<p>Fritidsbolig</p> <p>161 Hytter, sommerhus ol. fritidsbygg 162 Helårsbolig som benyttes som fritidsbolig 163 Våningshus som benyttes som fritidsbolig</p> <p>Kole, seterhus og lignende</p> <p>171 Seterhus, sel, orbu og lignende 172 Skoge- og utmarkskole, gamle</p> <p>Garasje og uthus til bolig</p> <p>181 Garasje, uthus, anneks til bolig 182 Garasje, uthus, anneks til fritidsbolig</p> <p>Annen boligbygning</p> <p>193 Boligbrakker 199 Annen boligbygning (sekundærbolig reindrift)</p>
ANNET		
<p>Dersom bruksarealet ikke omfatter bolig eller bruksarealet til bolig er mindre enn til annet, velges bygningstype kodet innen "Annet" (211–840) ut fra hovedgruppen som samlet utgjør det største arealet. Ved valg av bygningstype velges den med størst andel av arealet innen hovedgruppen.</p>		
<p>INDUSTRI OG LAGER</p> <p>Industribygning</p> <p>211 Fabrikbygning 212 Verkstedsbygning 214 Bygning for renseanlegg 216 Bygning for vannforsyning 219 Annen industribygning *</p> <p>Energiforsyningsbygning</p> <p>221 Kraftstasjon (> 15 000 kVA) 223 Transformatorstasjon (> 10 000 kVA) 229 Annen energiforsyning *</p> <p>Lagerbygning</p> <p>231 Lagerhall 232 Kjøle- og fryselager 233 Silobygning 239 Annen lagerbygning *</p> <p>Fiskeri- og landbruksbygning</p> <p>241 Hus for dyr/landbruk, lager/silo 243 Veksthus 244 Driftsbygning fiske/angat/oppdrett 245 Naust/redskapshus for fiske 248 Annen fiskeri- og fangstbygning 249 Annen landbruksbygning *</p> <p>KONTOR OG FORRETNING</p> <p>Kontorbygning</p> <p>311 Kontor- og administrasjonsbygning, rådhushus 312 Bankbygning, posthus 313 Mediabygning 319 Annen kontorbygning *</p> <p>Forretningsbygning</p> <p>321 Kjøpesenter, varehus 322 Butikk/forretningsbygning 323 Bensinstasjon 329 Annen forretningsbygning * 330 Messe- og kongressbygning</p> <p>SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON</p> <p>Ekspedisjonsbygning, terminal</p> <p>411 Ekspedisjonsbygning, flyterminal, kontrolltårn 412 Jernbane- og T-banestasjon 415 Godsterminal 416 Postterminal 419 Annen ekspedisjon- og terminalbygning *</p> <p>Telekommunikasjonsbygning</p> <p>429 Telekommunikasjonsbygning</p>	<p>Garasje- og hangarbygning</p> <p>431 Parkeringshus 439 Annen garasje-/hangarbygning *</p> <p>Veg- og trafikktilsynsbygning</p> <p>441 Trafikktilsynsbygning * 449 Annen veg- og tilsynsbygning *</p> <p>HOTELL OG RESTAURANT</p> <p>Hotellbygning</p> <p>511 Hotellbygning 512 Motellbygning 519 Annen hotellbygning *</p> <p>Bygning for overnatting</p> <p>521 Hospits, pensjonat 522 Vandrer-/feriehjem 523 Appartement 524 Camping/uteiehytte 529 Annen bygning for overnatting *</p> <p>Restaurantbygning</p> <p>531 Restaurantbygning, kafébygning 532 Sentralkjøkken, kantinebygning 533 Gatekjøkken, kioskbbygning 539 Annen restaurantbygning *</p> <p>KULTUR OG UNDERVISNING</p> <p>Skolebygning</p> <p>611 Lekepark 612 Barnehage 613 Barneskole 614 Ungdomsskole 615 Kombinert barn- ungdomsskole 616 Videregående skole 619 Annen skolebygning *</p> <p>Universitets-, høgskole og forskningsbygning</p> <p>621 Universitet/høgskole m/auditorium, lesesal mv. 623 Laboratoriebygning 629 Annen universitets-, høgskole og forskningsbygning *</p> <p>Museums- og biblioteksbygning</p> <p>641 Museum, kunstgalleri 642 Bibliotek/mediatek 643 Zoologisk/botanisk hage (bygning) 649 Annen museums-/biblioteksbygning *</p>	<p>Idrettsbygning</p> <p>651 Idretthall 652 Ishall 653 Svømmehall 654 Tribune og idrettsgarderobe 655 Helsestudio 659 Annen idrettsbygning *</p> <p>Kulturhus</p> <p>661 Kino-teater-/opera-/konsertbygning 662 Samfunnshus, grøndehus 663 Diskotek 669 Annen kulturhus *</p> <p>Bygning for reilgløse aktiviteter</p> <p>671 Kirke, kapell 672 Bedehus, menighetshus 673 Krematorium/gravkapell/bårehus 674 Synagoge, moske 675 Kloster 679 Annen bygning for reilgløse aktiviteter *</p> <p>HELSE</p> <p>Sykehus</p> <p>719 Sykehus *</p> <p>Sykehjem</p> <p>721 Sykehjem 722 Bo- og behandlingssenter 723 Rehabiliteringsinstitusjon, kurbad 729 Annen sykehjem *</p> <p>Primærhelsetebygning</p> <p>731 Klinik, legekontor/-senter/-vakt 732 Helse-/sosialsenter, helsestasjon 739 Annen primærhelsetebygning *</p> <p>FENGSEL, BEREDSKAP O.A.</p> <p>Fengselsbygning</p> <p>819 Fengselsbygning *</p> <p>Beredskapsbygning</p> <p>821 Politstasjon 822 Brannstasjon, ambulansstasjon 823 Fyrstasjon, losstasjon 824 Stasjon for radarovervåk. av fly-/skipstrafikk 825 Tilfluktrom/bunker 829 Annen beredskapsbygning * 830 Monument 840 Offentlig toalett</p>
<p>*) eller bygning som har nær tilknytning til/ tjener slike bygninger</p>		

Vedlegg nr.
A- 1



Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon

Vedlegg til Byggblankett 5174

Beskrivelse av hvordan tiltaket oppfyller byggesaksbestemmelsene, planbestemmelsene og planvedtak etter plan- og bygningsloven (pbl) innenfor angitte områder

Opplysningene gjelder									
Elendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bollgnr.	Kommune		
	34 80,122			Hørøy kommune					
Adresse				Postnr.	Poststed				
Vågsgata 21				6090	FOSNAVÅG				
Forhåndskonferanse									
Pbl § 21-1	Forhåndskonferanse er avholdt og referat foreligger <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei								
Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10									
Pbl Kap. 19	Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark)						Vedlegg nr.		
	<input type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunale vedtekter/forskrifter til pbl	<input type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven			B -		
Pbl § 31-2	Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2)						Vedlegg nr.		
	Redegjørelse i eget vedlegg						B -		
Arealdisponering									
Planstatus mv.	Sett kryss for gjeldende plan								
	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan		<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan			<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan			
	Navn på plan								
	FOSNAVÅG SENTRUM AUST - PARKERINGSANLEGG								
Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv									
Forretning og Kontor									
					Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan*				
					%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad
a. Grad av utnyttning iht. gjeldende plan					100,00 %	m ²	%	m ²	
Tomtearealet	b. Byggeområde/grunnelendom**				1065 m ²		m ²		m ²
	c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler				-	m ²	-	m ²	
	d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler								+ m ²
	e. Beregnet tomteareal (b - c) eller (b + d)				=	1065 m ²	=	0 m ²	= 0 m ²
Grad av utnyttning	f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.)				1065 m ²	0 m ²	0 m ²	0 m ²	0 m ²
	g. Areal eksisterende bebyggelse				383 m ²	m ²	m ²	m ²	m ²
	h. Areal som skal rives				-	0 m ²	-	m ²	- m ²
	i. Areal ny bebyggelse				+ 641 m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²
	j. Parkeringsareal på terreng				+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²	
	k. Areal byggesak				= 1024 m ²	= 0 m ²	= 0 m ²	= 0 m ²	= 0 m ²
	Beregnet grad av utnyttning (jf. e. og k.)***				96,15 %	0 m ²	%	0 m ²	
Bygningsopplysninger som føres i Matrikkelen	l. Åpne arealer som inngår i k				-	m ²		- m ²	
	j. Parkeringsareal på terreng				-	m ²		- m ²	
	m. Areal matrikkelen = k - l - j				=	1024 m ²		= 0 m ²	= 0 m ²
	Antall etasjer	Antall bruksenheter bolig		Boliger	m ²	Boliger	m ²	Boliger	m ²
3	Antall bruksenheter annet		Annet	m ²	Annet	m ²	Annet	m ²	
Redegjørelser	* Skal beregning av utnyttingsgrad skje etter annen regel, beskriv nærmere						Vedlegg nr.		
	** Dersom areal i rad b ikke er fremkommet av målebrev, beskriv nærmere						D -		
	*** Vis ev. underlag for beregningen av grad av utnyttning i vedlegg						Vedlegg nr.		
						D -			

Bygningsopplysninger som føres i matrikkelen	
Næringsgruppekode N	Oppgi kode for hvilken næring brukeren av bygningen tilhører. Bygninger som brukes til flere formål skal kodes etter den næringen som opptar størst del av arealet. Unntak: Næringsgruppekode «X» skal kun brukes når bygget bare har areal til boligformål.
Næringsgrupper – gyldige koder	
A Jordbruk, skogbruk og fiske B Bergverksdrift og utvinning C Industri D Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning E Vannforsyning, avløps- og renovasjonsvirksomhet F Bygge- og anleggsvirksomhet G Varehandel, reparasjon av motorvogner	H Transport og lagring I Overnattings- og serveringsvirksomhet J Informasjon og kommunikasjon K Finansierings- og forsikringsvirksomhet L Omsetning og drift av fast eiendom M Faglig, vitenskapelig og teknisk tjenesteyting N Forretningsmessig tjenesteyting O Offentlig administrasjon og forsvar, trykdeordninger underlagt offentlig forvaltning
P Undervisning Q Helse- og sosialtjenester R Kulturell virksomhet, underholdning og fritidsaktiviteter S Annen tjenesteyting T Lønnet arbeid i private husholdninger U Internasjonale organisasjoner og organer X Bolig Y Annet som ikke er næring.	

Plassering av tiltaket	
Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	Vedlegg nr. Q –
Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	Vedlegg nr. Q –

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1)	
Skal byggverket plasseres i område med fare for:	
Flom (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasseres i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Hvis ja, angi sikkerhetsklasse: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> F1 (liten konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/20 år) <input type="checkbox"/> F2 (middels konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/200 år) <input type="checkbox"/> F3 (stor konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/1000 år)
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasseres i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Hvis ja, angi sikkerhetsklasse: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> S1 (liten konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/100 år) <input type="checkbox"/> S2 (middels konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/1000 år) <input type="checkbox"/> S3 (stor konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/5000 år)
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg

Tilknytning til veg og ledningenett	
Adkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Går tiltaket ny/ændret adkomst? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel: <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringstillatelse gitt? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erkdæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Vannforsyning pbl § 27-1	Tilknytning i forhold til tomte <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input checked="" type="checkbox"/> Privat vannverk <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erkdæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <div style="border: 1px solid black; padding: 2px; width: fit-content; margin-top: 5px;">Beskriv Herøy Vasslag</div>
Avløp pbl § 27-2	Tilknytning i forhold til tomte <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippstillatelse? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erkdæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Overvann	Takvann/overvann føres til: <input checked="" type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terreng

Løfteinnretninger	
Er det i bygningen løfteinnretninger som omfattes av TEK10?: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Søkes det om slik innretning installert?: <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis ja, sett X <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Heis <input type="checkbox"/> Trappeheis <input type="checkbox"/> Løfteplattform <input type="checkbox"/> Rulletrapp eller rullende fortau

Vedlegg nr.
C - 1



Opplysninger gitt i nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:							
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiendommens adresse	Postnr.	Poststed	
34	80,122			Vågsgata 21	6090	FOSNAVÅG	
Eier/fester				Kommune			
Herøy Eiendomsutvikling AS				Herøy kommune			

Det varsles herved om							
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving				
<input checked="" type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring				
<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkelenhet (eiendomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Annet				
Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19							
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven	Vedlegg nr. D1			

Arealdisponering		
Sett kryss for gjeldende plan		
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan
Navn på plan		
FOSNAVÅG SENTRUM AUST - PARKERINGSANLEGG		

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder
Herøy Eignedomsutvikling AS har planar om å bygge til, og på eksisterande kontorbygg i Vågsgata 21. (Sparebanken Møre). Bygget vert då på tre etasjar, men over eksisterande parkeringsområde mot sør-aust, vert det bygd to etasjar. I fyste etasje vert det eit ope område med parkering som før. Fasadane i andre etasje på eksisterande bygg er tenkt innkledd med same overflate som tilbygga. På fasadeperspektiva er eks. bygg vist meir framtrudande for å vise storleikforholdet mellom nytt og gamalt.
Vedlegg nr. Q -

Spørsmål vedrørende nabovarsel rettes til			
Foretak/tiltaksnavn			
Herøy Eiendomsutvikling AS			
Kontaktperson, navn	E-post	Telefon	Mobil
Sindre Thorseth	sindre@pbygg.no	70 08 79 00	91 58 89 15
Søknaden kan ses på hjemmeside: (ikke obligatorisk)			

Merknader sendes til	
Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltaksnavn skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for ev. endringer.	
Navn	Postadresse
Herøy Eiendomsutvikling AS	Postboks 183
Postnr. Poststed	E-post
6099 FOSNAVÅG	sindre@pbygg.no

Følgende vedlegg er sendt med nabovarslet			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1 —	<input type="checkbox"/>
Tegninger snitt, fasade	E	1 — 5	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	—	<input checked="" type="checkbox"/>

Underskrift		
Tilsvarende opplysninger med vedlegg er sendt i nabovarsel til berørte naboer og gjenboere. Mottagere av nabovarsel fremgår av kvittering for nabovarsel.		
Sted	Dato	Underskrift ansvarlig søker eller tiltaksnavn
	17.06.2014	<i>Sindre Thorseth</i>
		Gjentas med blokkbokstaver
		SINDRE THORSETH

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Pb 274
6090 Fosnavåg
Att.:

Fosnavåg, 10.07.14

GNR 34 BNR 80/122 – HERØY EIGEDOMUTVIKLING AS
SØKNAD OM DISPENSASJON FRA REGULERINGSFORMÅL
gitt i: "REGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG SENTRUM, AUST"

Vi vil med dette, på vegne av byggherren, søke om div. dispensasjonar på regulert område.

I planen er det for det aktuelle området lagt til rette for å bygge forretning-/kontorbygg i opptil tre etasjar. Og med ei gesimshøgde opptil 10 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

Om eigaren skal klare å få til ei akseptabel etasjehøgde i 3. etasje, må nok gesimshøgda aukast noko. Vil tru at ei gesimshøgde på 10,0 meter over plan 1. etasje vil halde.

Den planlagte høgda vert då omlag på den tillatne mønehøgda (11,5 meter) for boligbygga innan for denne reguleringsplanen.

Søker hermed om dispensasjon for byggehøgda på 10,0 meter over gjennomsnittleg planert terreng, til 10,0 meter over plan 1. etasje.

I planen er byggelinja for 3. etasje inntrekt i høve til fasada av eksisterende bygg . Dette vil skape vanskelegheiter for byggherren, då beresystemet vil måtte gå rett gjennom eksisterande lokalar både i 2.- og 1. etasje. Her er BH sitt ynskje å få sette beresystemet utom dagens veggliiv. Vi meiner det er god plass til dette, då det er ein avstand på 2,7 meter frå eks. bygg til vegbane.

Søker hermed om dispensasjon frå den inntrekte byggelinja.

I planen er og byggelinja for 3. etasje i gavlen mot sør, inntrekt frå eksisterende fasade.

Her ynskjer byggherren å bygge ut 2.- og 3. etasje over planlagt parkeringareal. Parkeringsarealet på bakkeplan vil ikkje verte skadelidande.

Etter at hotellet og parkeringshuset no straks er på plass, meiner byggherren at området har vorte meir attraktivt for næringsdrivande, og ynskjer dermed å utnytte området mest mogeleg. Her vil verte rikeleg tilgong på parkering, og med den begrensa plassen det er i Fosnavåg sentrum, meiner han det er fornuftig.

Postadresse:
Postboks 183
6099 Fosnavåg

Besøksadresse:
Sparebanken Møre
6090 Fosnavåg

Telefon: 70 08 79 00
Telefax: 70 08 79 01
E-post: (fornavn)@pbygg.no

Bank: Sparebanken Møre
Kontonr.: 4093 05 02024
Org.nr: 966 768 673

Søker hermed om dispensasjon for å bygge ei 2.- og 3. etasje over det tiltenkte parkeringsarealet mot sør.


Som ein kommentar til slutt kan det nemnast at det ikkje har kome inn naboprotestar på dei utsendte nabovarsla.


Vi håper på ei rask og positiv handsaming.

Vennlig hilsen
Prosjektbygg AS

Sindre Thorseth
Sindre Thorseth
915 88 915
sindre @ pbygg.no

*Vedlegg: Situasjonsplan
Skisser*





3D View 1


1



Rev.	Beskrivelse	Dato
	DOKUMENTASJONSTEIKNING	
	ARBEIDSTEIKNING	
	ANBODSTEIKNING	
	SØKNADSTEIKNING	
	FØREBELS TEIKNING	

Date: 28.05.14
Målestokk:
Teikna av: RH
Kontroll: Checker

Tilakshaver: HERØY EIENDOMSUTVIKLING AS	Prosjekt: KONTOR I VÅGSGATA 21	Teikningsnavn: Perspektiv frå nord	Revisjon:
		Prosjektnummer: 102	




3D View 2

1

Rev	Beskrivelse	Dato
	DOKUMENTASJONSTEIKNING	
	ARBEIDSTEIKNING	
	ANBODSTEIKNING	
	SØKNADSTEIKNING	
	FØREBELG TEIKNING	
Dato:		28.05.14
Målestokk:		
Teikna av:		RH
Kontroll:		Checker

Tilskjriver:	HERØY EIENDOMSUTVIKLING AS
Prosjekt:	KONTOR I VAGSGATA 21
Tekningsnavn:	Perspektiv frå SØR
Prosjektnummer:	---
Tekningsnummer:	103
Revisjon:	



3D View 3




Rev.	Beskrivelse	Dato
	DOKUMENTASJONSTEIKNING	
	ARBEIDSTEIKNING	
	ANBODSTEIKNING	
	SØKNADSTEIKNING	
	FØREBELS TEIKNING	

Dato: 28.05.14
 Målestokk:
 Teikna av: RH
 Kontroll: Checker

Tilalshaver: HERØY EIENDOMSUTVIKLING AS	Prosjekt: KONTOR I VÅGSGATA 21	Tekningens navn: Perspektiv frå vest	Prosjektnummer: ---	Tekningnummer: 104	Revisjon:
---	--------------------------------------	--	------------------------	-----------------------	-----------

(4) (3) (2) (1)



(1) **SNITT**
1 : 100



Tilbehøver: HERØY EIENDOMSUTVIKLING AS


Prosjekt: KONTOR I VÅGGATA 21

Tekningens navn: **SNITT**

Projektnummer: --- Tekningnummer: **801** Revisjon:

Rev. Beskrivelse	Dato
DOKUMENTASJONSTEIKNING	
ARBEIDSTEIKNING	
ANBODSTEIKNING	
SØKNADSTEIKNING	
FØREBELS TEIKNING	

Date: 28.05.14
 Målestokk: 1 : 100
 Tekner av: RH
 Kontroll: Checker




Fra: Roar Hatløy [<mailto:roar@pbygg.no>]

Sendt: 3. oktober 2014 11:47

Til: Agita Freimane

Emne: SV: Herøy Eiendomsutvikling Kontor Vågsgata

Hei.



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/1169	34/80		UTV / EFLÅ	29.10.2014

Herøy Eiendomsutvikling as - 34/80 og 122 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegner i "Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, aust" vedr tilbygg og påbygg.

Planstatus:

Område er regulert gjennom – Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, aust»

Planid: 1515200904

Det vert søkt dispensasjon frå følgande :

1. § 3.3 -Dispensasjon frå byggehøgda på 10,0 m frå gjennomsnittleg planert terreng til 10,0 m over plan 1 etg.
2. § 3.3 -Dispensasjon frå den inntrekte byggelinja for 3 etg, mot Fv 654 og p-plass.
3. § 4.5 - Dispensasjon for å bygge ei 2 og 3 etg over det regulerte parkeringsområdet mot sør/aust.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Bygge til og på eksisterande kontorbygg i Vågsgata 21 (Sparebanken Møre). Ein vil bygge på ein tredje etg. og bygge ein 2 og 3 etg over regulert parkeingsareal i sør/aust. Det vert bygd på til føremål i tråd med plan - forretning og kontor føremål.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 34 Bnr 80 og 122

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Sjå vedlegg teikningar – nytt areal 641 m2 (opplyst frå ansvarleg søker)

Andre opplysingar om saka:

Omsøkt tiltak er i eit område i sentrum som er i stor vekst. Tiltaket vil slik utviklingsavdelinga ser det bidra positivt inn mot utviklinga av Fosnavåg sentrum.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **28.11.2014**

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
§ 13 En ønsker å bygge garasje som bryt byggelinje og er plassert 3 meter frå regulert eiendomsgrense/ veiareal. Jf føresegnene § 13. Reguleringsplanen er fra 1978 og er gammel. I nyere planer er det vanleg praksis å kunne plassere garasje +-2,5 meter frå regulert veiareal. Det har også vært en gjennomgående praksis i feltet å gi løyve til plassering av garasje 3 meter frå vei areal når garasje går parallelt med veiareal. På dei 2 nabotomtene 45/ 162 og 45/ 164 er det blidt gjeve løyve til å bygge 2 mans boliger med garasjer 3 meter frå regulert vei areal.

Dispensasjonane er av en slik karakter som i stor grad tidlegare har vært akseptert i feltet. Tiltaket vil ikkje skilje seg spesielt ut i frå den varierte småhusbebyggelsen som er i feltet. Alternativet til dispensasjon vil være å utføre endring av reguleringsplan og en kan ikkje sjå at dette skal være hensiktsmessig eller nødvendig å gjøre bare for å kunne bygge huset på denne eine tomte. Tiltaket bidrar til flere bustader i Herøy kommune. En er av den oppfatning at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. Jf Pbl § 19-2 og reguleringsplan med føresegner blir ikkje vesentleg tilsidesatt.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	Dragsund
Reguleringsformål	
Fritliggende småhus	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnyttning iht. gjeldende plan1
%BYA	35%

Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	931,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	931,00 m ²

Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	325,85 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	194,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Parkeringsareal	0,00 m ²
= Sum areal	194,00 m ²

Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	20,84
-----------------------------	-------

Søknad om endring av tillatelse



Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket

Bygningsopplysninger

	m² BYA	m² BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	194,00	226,00	43,00	269,00	2	2	4
Apne arealer/Enheter som fjernes	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Sum	194,00	226,00	43,00	269,00	2	2	4

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

Krav til byggegrunn

Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.
Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk
Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Stemmedalen vasslag
Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

Overvann

Takvann/overvann føres til avløpssystem

Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen
Det planlegges IKKE en slik innretning

Søknad om endring av tillatelse



Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C	Nabovarsel Nr. 2	elektronisk
Situasjonsplan	D	Situasjons plan	elektronisk
Redegjørelse - estetikk	E	Brev til kommune	elektronisk
Tegning ny snitt	E	Snitt av tomt	elektronisk
Tegning ny fasade	E	Hus tegninger	elektronisk
Tegning ny fasade	E	garasje tegninger	elektronisk
Situasjonskart	F	Va plan	elektronisk
Annet	Q	Kvitering søkt sanitær abonement	elektronisk
Annet	Q	Kvitering søkt vann abonement	elektronisk
Foto	Q	Bilde av hus	elektronisk

Signering


(tiltakshaver signere for tiltak uten ansvarlig søker)

Ansvarlig søker

Ansvarlig søker bekrefter at tiltakshavers underskrift på en kopi av søknaden kan dokumenteres.


Dato 09.01.2015

Signatur Søknaden er elektronisk signert
TØMRER SERVICE AS



Herøy kommune



Grunnkart
Målestokk: 1:500
Dato 17.10.2014



Kartopplysninger som Ellers står ikke kommu

Tiltakshavar / kunde: Tømrer Prosjekt AS	Teikna dato/sign.: 20.10.14
Byggjeadresse: Dragsund 6080 Gurskøy	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Situasjonsplan	Målestokk 1: 500
Teikninga tilhøyrer:  TØMRER/SERVICE AS	

Tiltakshavar / kunde: Tømter Prosjekt AS	Teikna dato/sign. 20.10.14 <i>Ho</i>
Byggjeadresse: Dragsund 6060 Gurskoy	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Snitt av tomt kun kartarbeider Terreng ikkje oppmålt	Målestokk 1: 100
Teikninga tilheyrer:  TOMRER SERVICE AS	





REV	DATE	REVISJON	SIGN

MESTERHUS




Kunde

TILTAKEHVER
BYGGEPLASS
G-1115 m
KOMMUNE

TEGNETITTEL
Unamed
PROSJEKT
Prosjekt navn
ARK TEGN
DATE

TILTAKEHVER
MÅL
1 : 1
PROSJEKT NR.
A104
TEGNETITTEL
nr.

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utørende tegnekontor ikke medvirker i



Areal BRA pr. leilighet	
Beskrivelse:	Areal:
1. Etg.	56.6 m²
2. Etg.	56.6 m²
	113.2 m²

BRA total 1. Etg. 115,8 m²
BRA total 2. Etg. 115,8 m²

Areal BYA	
	146 m²

P-rom pr. leilighet 109,8 m²

⊗ R=Radonpunkt

ANMERKNINGER:

- Risikoklasse 4 / Brannklasse 1
- Energidokumentasjon U-verdier angitt i energidokumentasjon
- Arealer oppsett i tabell og i hnt NS3940
- Arealer angitt i de enkelte rom og oppgitt som faktiske gulvareal
- I rom under skrå himling kan deler av dette areal ha lavere takhøyde enn 2,4m
- L = LIMTRE / S = STÅLDRAGER / SK = SKURLAST
- NTO = NETTOMAL
- Innredninger og sanitærutstyr vist på tegning kun inkludert hvis angitt i kontrakt.
- For symbolforklaringer, se leveringsbeskrivelse.
- Sneflangere på alle takflater ved glatte tak, og tak over 27°.
- Brannslukningsutstyr. Det leveres med en røykvarsler pr. etg / leilighet og en brannslange pr. leilighet.

REV	DATO	REVISJON	SIGN


MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS

TILTAKSHAVER	Tømmer Prosjekt AS
BYGGEPLASS	Dragsund
COMMUNE	Herøy


Unikus
Postboks 4104
Terminbakken 10
8099 Bode 01 75 56 51 20
Email: post@unikus.no

TEGN: PLAN/CLD	Planer, snitt	TILTAKSART	VAL
PROSJEKT	2-mannsbolig	PROSJEKT NR.	130307
ARKITEKT.	DATO	TEGN.	TEGN. NR.
	28.05.13	Tove	09.01


© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i



FASADE 4



FASADE 1



FASADE 2



FASADE 3

REV	DATE	REVISJON	SIGN
A	29.07.13	rov ytterdør	TJ




MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS

TILTAHVERET	Tømmer Prosjekt AS
BYGGEPLASS	Dragsund
Ønr. 10	
KOMMUNE	Herøy


Unikus
Postboks 4104,
Lenningsveien 10
6649 Bostad, tlf. 73 56 51 00
E-mail: 0049@unikus.no

TEGNINGSTADIE	Fasader	TILTAKSART	VÅR
PROSJEKT	2-mannsbolig	PROSJEKT NR	TEGN NR
ARKITEKT	DATE	TEGN:	PROSJEKT NR
	28.05.13	Tove	130307
			TEGN NR
			09.02


© Denne tegning må ikke kopieres eller bryntes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i




FASADE 2



FASADE 1



FASADE 4



FASADE 3

Areal BRA		Areal BYA	
Beskrivelse:	Areal:		
Plan	42.9 m ²		
	42.9 m ²		48 m ²

REV	DATO	REVISJON	SIGN

MESTERHUS
Tømmer Prosjekt AS

TILTAKSHAVER	Tømmer Prosjekt AS
BYGGEPLASS	Dragsund
G I/ B N	
KOMMUNE	Herøy

Unikus
Fosbøås 4 104
Terminaksten 10
8688 Enda. Tlf 75 56 51 20
E-mail: dragsund@unikus.no

TEGN RISEFELD	Plan, snitt, fasader	TILTAKSART	Garasje	MAK	1 : 100
PROSJEKT	Garasje	ARKITEKT		DATO	14.03.13
TECN	Tove	PROSJEKT NR	130203	TEGN NR	09.01

REGULERINGSFØRESEGNER TI TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN
FOR DRAGSUND I HERØY KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

§ 2

Arealet innanfor reguleringsgrense er regulert til:

I. Byggeområde for

- bustadbygg, frittliggende bustader
- industri

II Trafikkområde for

- køyreveggar, parkeringsplassar
- gang- og sykkelveggar, fortau
- anna trafikkareal

III Friområde for

- park, anlegg for leik og sport

IV Fellesareal for fleire eigedomar

- felles avkøyrslar
- fellesareal for leikområde

§ 3

Desse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og bygningsvedtektene for Herøy kommune.

§ 4

Etter at desse reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å vedta private særrettar som er i strid med føresegnene.



§ 5

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene innan for ramma av bygningslova og bygningsvedtektene for Herøy kommune.

FØRESEGNER FOR OMRÅDE MED FRITTLIGGANDE BUSTADER

§ 6

Bygningsrådet skal sjå til at husa får ei god form med høveleg materialbruk og at det harmonerer med husa og terrenget ikring.

Utvendige fargar skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 7

Bygningsrådet skal sjå til at innhegning mot gate vert mest mogleg einsarta for alle tomter langs ei gatestrekning. Bygningsrådet kan mot veg krevje hekk eller anna planting i staden for gjerde. Innhegningane må ikkje vere over 0.80 m høge og utforminga og fargen skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 8

Innanfor frisisiktlinene må det vere fri sikt i ei høgd av 0.50 m over planum til dei tilstøytande vegar. Arealet innanfor frisisiktlinene må ikkje brukast slik at fri sikt på noko tidspunkt vert hindra.

§ 9

Bygningsrådet skal sjå til at ikkje utbygde deler av tomta får ei god og naturleg utforming. Det må ikkje plantast tre eller busker som kan verte til ulempe for avkjørsel til offentleg veg. Eksisterande vegetasjon av varig verdi for omgivnaden, både på private tomter, og elles bør så langt råd er bli ståande.

§ 10

I område skal det byggast frittliggande bustadhus i 1 etasje. Der terrenghøgda gjer det naturleg, kan bustadhusa innreiast med bustadrom i underetasjen. Høyder til gesims skal ikkje vere over 3.5 meter for hus med ei høgd og 6 meter for hus med ei høgd + underetasje. Gesimshøgda vert målt frå høgstliggande ferdigplanert terreng. Bygningsrådet kan tillate mindre endringar av høgdena.

§ 11

Husa skal byggast innanfor dei byggegrenser som er vist på planen. Plassering og utforming skal i kvart einskild høve godkjennast av bygningsrådet.

§ 12

Med byggemeldinga skal det sendast situasjonskart som også skal vise:

Plassering av uthus eller garasjetilbygg, sjølv om desse ikkje vert bygde samstundes med bustadhuset.

Plassering av tørkestativ og bosspanner.

Planering av tomta med høgder på terrenget og naudsynte støttemurar og markerte skråningar.



§ 13

Ved sida av garasje skal det planleggast ein oppstillingsplass for bil på eigen tomt. Dersom det vert ordna med besøkspartering for fleire tomter, skal kravet vere minimum 0.25 oppstillingsplass pr bustadeining. Einskilde garasjer og uthus skal berre byggast i tilknytning til hovedhuset, som tilbygg eller underetasje. Bygningsrådet kan, dersom terrengtilhøva gjer ei slik løysing vanskeleg eller urimeleg kostbar, gjere unntak. Frittstående garasjer kan med samtykke av bygningsrådet byggast nærare nabo og veg enn byggegrensa viser, likevel ikkje nærare enn 5 meter for garasje med utkøyning mot vegen og 3 meter for garasje parallelt med vegen.

§ 14

Utforming og plassering av dei ulike industrianlegga skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av bygningsrådet som kan fastsetje at bedrifter som ein meiner vil medføre særlege ulemper, skal visast til bestemte delar av arealet eller til andre industristrøk. Område merka I 2 og I 4 skal berre nyttast til lettare industri som ikkje medfører vesentlege miljøulemper.

§ 15

På kvar industritomt skal det sytast for tilstrekkeleg parkeringsareal i samsvar med vedtektene til §69 nr 3 i bygningslova. Bygningsrådet kan imidlertid i kvart enkelt tilfelle fastsetje krav til antal parkeringsplassar.

Før bygningsrådet handsamar dei einskilde byggemeldingar i området, kan rådet krevje framlagt godkjenning (eller sjølv utarbeide) ein samla bebyggelsesplan for dei einskilde industriområda eller deler av desse. Bebyggelsesplanen skal vise tilknytning til det regulerte vegnett, internt køyreareal, parkeringsplassar, bygningane si plassering, terrengbearbeiding m.v. Kfr § 69 i bygningslova.

FØRESEGNER FOR FRIOMRÅDE

§ 16

Friområda kan opparbeidast som park etter særskilt plan, som skal godkjennast av bygningsrådet.

FØRESEGNER FOR FELLESAREALA

§ 17

På fellesareala for leikområde kan det berre førest opp anlegg som har naturleg tilknytning til bruken av området, (slik som leskur, anlegg for leik m.v.

Stadfestet i Molde, den 02.10.78





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/1465
		Arkiv:	60/57

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/15	Maritim og teknisk komite	27.01.2015

INGAR WARHOLM 60/57 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV UBEBYGT DEL AV BUSTADEIGEDOM.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev, i medhald av PBL § 19-2, dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ubebygt del av bustadeigedom, gnr. 60 bnr. 57, på Moltustranda i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling i medhald av jordlova § 12.

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket i praksis ikkje vil innebere noko endring av dagens arealbruk i området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Ingar Warholm, Moltuvegen 336, 6076 Moltustranda

Vedlegg:

Kopi av dispensasjons- og delesøknad frå Ingar Warholm, datert 12.06.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 28.11.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 28.11.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkte frådelling.

Utsnitt av ny kommuneplan i M 1:5000.

Kopi av avtale om kjøp/overdraging av eigedom, datert 07.09.2014.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Ingar Warholm søkte den 12.06.2014 om dispensasjon med sikte på frådelling av ein ubebyggt del av ein eksisterande bustadeigedom på Moltustranda, gnr. 60 bnr. 57.

Med tilvising til at Warholm på dette tidspunkt alt hadde overført heile eigedomen til ny eigar vart han beden om å dokumentere at han hadde høve til å fremje saka på vegne av den nye eigaren. Slik dokumentasjon/avtale, datert 07.09.2014 og underteikna av Warholm og den nye eigaren (Grigorij Pavtel), vart etter dette oversendt kommunen.

Søknaden vart sendt på høyring med brev av 29.09.2014. Utanom Møre og Romsdal Fylkeskommune har ein no motteke uttale frå dei 2 andre av dei tilskrivne høyringspartane og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Fylkeskommunen har gjennom rundskriv tidlegare i år klargjort at det ikkje vil verte gitt uttale i saker dei ikkje har merknader til. Ein legg såleis til grunn at Fylkeskommunen ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Bustadeigedomen gnr. 60 bnr. 57 er på om lag 3100 m² og ligg inntil og på sørsida av FV 10 gjennom Moltustranda. Saka no gjeld frådelling av om lag 1450 m² av den bakre del av denne eigedomen. Resterande del av gnr. 60 bnr. 57 med påståande bustadhus vert då på om lag 1650 m².

Søkjaren opplyser elles at den frådelte delen av eigedomen fortsatt skal vere LNF-formål og at han vil nytte den til uttak av skog til ved/brensel.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 28.11.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 28.11.2014

Landbrukskontoret har heller ingen merknad til dispensasjonen/frådelinga. Det vert imidlertid peika på at det bør stillast vilkår om at den frådelte parsellen vert samanføya med gnr. 60 bnr. 158, som også er i Warholm sin eige.

Vurdering og konklusjon:

Den omsøkte eigedomen ligg sør for fylkesvegen gjennom Moltustranda og inngår i ei mindre klynge av bustadhus. Tiltaket ligg elles i område som både i tidlegare og ny kommuneplan er avsett til LNF-formål. Ei frådeling vil såleis fortsatt vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2.

Frådelinga inneber i praksis inga endring av arealbruken i området då den frådelte parsellen fortsatt vil inngå i LNF-formålet. Dette tilseier at det ikkje er behov for å behandle saka etter § 9 i jordlova (omdisponering av dyrka og dyrkbar jord), men den må naturleg nok behandlast i medhald av jordlova § 12.

Korkje Fylkesmannen eller Landbrukskontoret har merknader til saka. Landbrukskontoret meiner imidlertid at det bør stillast vilkår om at den frådelte delen av gnr. 60 bnr. 57 vert føya saman med Warholm sin eigedom gnr. 60 bnr. 158. Sistnemnde er ein bustadeigedom tett inntil Moltustranda sentrum, lokalisert i eit område som i kommuneplanen er avsett til bustadformål. Rådmannen finn det såleis ikkje naturleg å tilrå krav om samanføyning som vilkår for dispensasjonen.

Med manglande uttale frå Fylkeskommunen legg ein til grunn at dei ikkje har merknader til saka. Det vert vidare vist til at det ikkje er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

I ein temaplan til ny arealdel er det vist faresoneområde (ras- og skredfare) i det aktuelle området på Moltustranda. Basert på konkret/lokal informasjon knytta til dette området er det ikkje registrert noko som tilseier at eksisterande busetnad her er utsett for rasfare.

Med tilvising til opplysningar gjeve i søknaden og kommunen sine vurderingar vil det omsøkte tiltaket i praksis ikkje endre noko på dagens arealbrukssituasjon. Det vil snarare innebere ei styrking av LNF-statusen for den frådelte delen av eigedomen. Med basis i vurderingar knytt til plan- og bygningslova meiner ein på dette grunnlag at korkje omsynet bak bestemmelsen det i tilfelle vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova vert vesentleg tilsidesett ved det omsøkte tiltaket.

Med tilvising til ovannemnde er det såleis kommunen sitt syn at fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene. Rådmannen konkluderar såleis med å tilrå dispensasjon som omsøkt og samstundes at det vert gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Konsekvensar for økonomi:

Det omsøkte tiltaket har ingen økonomiske konsekvensar.

Fosnavåg, 10.12.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

60

Bnr.

57

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Vi ønskjer å skilje ut bakerste del av 60,57, dette er eit mindre skogsområde.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Grunngjeving:

Årsaken til delingen er at vi vil nyttegjere oss av skogen som står på dette stykket og skal brukas til ved/brensel.

Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn INGAR WARHOLM

Adresse Moltuveien 336

Postnr. 6076

Postadr. Moltustranda

Telefon

Mobiltf. 95 13 11 92

Dato: 12.06.14

Jørgen Warholm
signatur

Skriv ut



Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
KOMMUNEN
2014/1465
13. APR. 2014
60/57
1

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93)
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf §96 pbl
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr	Bnr	Fnr	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)
	60	57		INGAR WARHOLM
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL§93)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:	Sakstype III (Matrikkellova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr § 34)
	<input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: Erklæring om arealoverføring.) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punktbeste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr § 31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)

Etter valt sakstype D, gj til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, øyna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr	
1	ca. 1450	m ² Anna LNF	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

5. Arealdisponering

Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan (område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 68

 Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)**7. Avstandar**Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m **Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette**Går det priv/off.vass og avløpsleiðing i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m**8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43**

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

 Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

 Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet) Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø**Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggast ved.**Er løyve til avkøyrslø gilt? Ja Nei**9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66**Offentleg vassverk: Ja Nei
Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei
Privat vassverk: Ja Nei
Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimshavar/rekvirentliste

_____ Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

_____ Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

_____ Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.**11. Andre opplysningar****12. Underskrift av heimshavar/rekvirent**

Dato _____ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) _____

12.06.14 _____ INGAR WARHOLM

Adresse _____ Moltuveien 336

E-postadresse _____ warholm82@hotmail.com

Rekvirenten si underskrift _____

Ingar Warholm

Postnr/stad _____ 6076 Moltustranda

Telefon _____ 95131192


13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar _____

Betalar si underskrift _____

Postnr/stad _____



HERØY KOMMUNE
11.08.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet





Fylkesmannen i Møre og Romsdal


Utv.

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
28.11.2014
Dykkar dato
29.09.2014

Vår ref.
2014/6395/JOEI/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN			
Reg nr	2014/1465	Saksbeh.	HR
- 3 DES. 2014			
Ark kode P	60/57		
Ark kode S			
Jr nr			Dok nr 4
Kassasjon			

Herøy kommune

Frådeling av ubebygd del av bustadeigedom gnr60 bnr57 - Ingar Warholm Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/1465

Arkivkode
60/57

Dato
28.11.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ INGAR WARHOLM 60/57 OM FRÅDELING AV SKOGTEIG

Vi har ingen merknad til at arealet på 1450 m² vert delt frå 60/57. Ein bør likevel stille vilkår om at teigen vert føya sama men Ingar Warholm sitt eige areal på gnr 60 bnr 158.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg






OMSØKT FRÅDELING

 **HERØY KOMMUNE**
 24.09.2014 1:1000
 Det kan forekomme feil i kartet



LOKALISERING AV TILTAKET

Avtale om kjøp av eiendom og overdragelse.

Dette er eit vedlegg til skjøte og en avtale mellom kjøper Grigorij Pavtel og selger Ingar Warholm.

Avtalen går ut på at del av G.nr 60 B.nr 57 skal overdrages vederlagsfritt til selger Ingar Warholm etter salget av eiendomen 60/57 er gjennomført.
Størrelsen på stykket avtalen gjelder er på ca 1449 m², og ligger på den sydligste del av tomten(ref: vedlagt kart).

Avtalen signeres i 3 kopier der 1 går til kartverket for tinglysing, 1 beholdes av kjøper og 1 beholdes av selger.


Gebyr med deling av eiendomen
tilfaller selger Ingar Warholm

Grigorij Pavtel


Kjøper

Ingar Warholm
Ingar Warholm
Selger

07.09.14



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2014/1134
		Arkiv:	33/105

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/15	Maritim og teknisk komite	27.01.2015

ANNE MA SOLHEIM OG ARTHUR ALMESTAD 33/105 - FORLENGING AV DISPENSASJON I MTK-SAK 13/14, JFR MTK-SAK 44/12

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og Reguleringsendring for Vågsholmen 1515201263 § 9 Rekkjefølgjekrav midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

Pkt. 9.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillas samstundes med B1

Pkt. 9.3 – Pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.

Dispensasjonen er mellombels og tidsavgrensa til å gjelde i 1 år frå dette vedtaket sin dato.

Grunngjeving for dispensasjon:

Maritim og teknisk komite ga i MTK-sak 44/12 dispensasjon frå krava i reguleringsplan for etablering av pumpestasjon/tilkopling til kommunalt avløpsnett og realisering av køyreveg T3 samstundes med utbygging av bustadområdet B1. Den tidsavgrensa dispensasjonen vart forlenga i MTK-sak 13/14. **Det er ikkje vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon.** Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei omsyn som planen skal ivareta og tiltakshavar har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyising vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Ein gjer elles merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilst til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

KIMA Arkitektur AS, PB5940 Majorstuen, 0908 Oslo

Anne Ma Solheim og Arthur Almestad, Vågsholmen, 6090 Fosnavåg

Anlegg- og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

- 01 – Søknad om forlenging av dispensasjon
- 02 – Saksprotokoll i MTK-sak 44/12
- 03 – Saksprotokoll i MTK-sak 13/14

Saksopplysningar:

Arthur Almestad og Anne Ma Solheim, eigarar av gnr 33 bnr 116, søker om forlenging av dispensasjonen som er gjeve i MTK-sak 44/12, forlenga sist i MTK-sak 13/14.

Dei søker no om forlenging av den tidsavgrensinga som er gitt inntil utbyggingavtalen mellom Vågsholmen Utvikling AS og kommunen er ferdig forhandla, og at det er etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med denne.

Tiltakshavar informerer i søknaden om forlenging av midlertidig dispensasjon om at det har vore gjennomført ein prosess mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune for å få på plass ei utbyggingsavtale slik at ein kan starte arbeidet med å realisere utbygginga av Vågsholmen slik reguleringsplanen gir høve til. Den framforhandla utbyggingsavtalen har vore til offentleg ettersyn, og skal handsamast i formannskapetets møte den 15. januar d.å. På same møte skal også sak som gjeld søknad om økonomisk støtte/ kompensasjon for å bygge ut dei tekniske anlegga handsamast. Tiltakshaver presiserer at så snart utbyggingsavtalen, rammeløyve og vedtak om økonomisk kompensasjon frå kommunen er på plass, vil dei setje igong arbeidet med å innhente tilbud frå aktuelle entreprenørar. Dei opplyser at dei håper å kunne starte arbeidet med dei tekniske anlegga innan sommaren/tidleg haust.

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsleiar viser til dei vurderingane som er gjort i MTK-sal 44/12 og MTK-sak 13/14. Det vert framleis vurdert slik at tiltaket og søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsplan ikkje vesentleg tilsideset dei omsyna planen skal ivareta.

Grunngjevnad for å gi dispensasjon i si tid var at det på dispensasjonstidspunktet var satt i gong forhandlingar om utbyggingsavtale og tiltakshavar var ein av partane i selskapet som førte forhandlingar med kommunen. Det låg også føre fråsegn frå andre grunneigarar innanfor planområdet som fråskreiv seg retten til å søkje dispensasjon frå dei same bestemmelsane (ut 2013). Det var i tillegg etter kommunens oppfatning ei overvekt av fordelar med å dispensere frå dei omsøkte bestemmelsane i dette konkrete tilfellet. Grunngjevnad var at tiltakshavar hadde signalisert at dei hadde all intensjon om å vere med å bidra til at veg og avløpsløyving vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Vegen utover Vågsholmen framstår i dag som ein grovplanert anleggsveg for å gjere mogleg utbygging av bustadhuset på gnr 33 bnr 116 (Almestad/Solheim).

Tiltakshavar opplyser i sin søknad om forlenging av dispensasjon til at det har vore gjennomført ein prosess mellom Vågsholm Utvikling AS og Herøy kommune for å få på plass ei utbyggingsavtale slik at ein kan starte arbeidet med å realisere utbygginga av Vågsholmen i samsvar med reguleringsplanen. Det vert opplyst at

den framforhandla utbyggingsavtalen har vore til offentleg ettersyn, og skal handsamast i Formannskapetets møte den 15. januar d.å. På same møtet skal også sak som gjeld søknad om økonomisk støtte/kompensasjon for å bygge ut dei tekniske anlegga handsamast. Så snart utbyggingsavtalen, rammeløyve og vedtak om økonomisk kompensasjon frå kommunen er på plass vil tiltakshavar setje i gong arbeidet med å innhente tilbod frå aktuelle entreprenørar. Tiltakshavar førespeilar oppstart av arbeidet med dei tekniske anlegga innan sommaren/tidleg haust.

Med bakgrunn i tidlegare framlagt fråsegn frå eigarane i området, vurderte utviklingsleiaren det ikkje som særskilt relevant at ein dispensasjon i denne saka ville skape presedens for liknande søknader om dispensasjon.

Etter ei samla vurdering og med vekt på at forhandlingane er i sluttfasa og at det ikkje er vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon, vil utviklingsleiar rå til at Maritim og teknisk komite forlenger tidlegare dispensasjon i denne saka i tråd med tilrådinga ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:

-

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Konsekvensar for økonomi:

-

Fosnavåg, 09.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

Anne Ma og Arthur Almestad
Vågsholmvegen 25
6090 Fosnavåg

Fosnavåg, 4.1.2015

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
6090 Fosnavåg

Søknad om dispensasjon i rekkjefølgjekrava i reguleringsplan – 1515201002 VÅGSHOLM - Forlenging av midlertidig dispensasjon

Vi viser til vedtak i Maritim og teknisk komité i møte 28.01.2014 der det vart gjort vedtak om å forlenge midlertidig dispensasjon frå rekkjefølgjekrava i reguleringsplanen for Vågsholmen 1515201262.

Vi søker med dette om å forlenge den tidsavgrensinga som er gitt inntil det er inngått utbyggingsavtale mellom Vågsholmen Utvikling AS og kommunen, og at det er etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med denne.

Det har vore gjennomført ein prosess mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune for å få på plass ei utbyggingsavtale slik at ein kan starte arbeidet med å realisere utbygginga av Vågsholmen slik reguleringsplanen gir høve til. Den framforhandla utbyggingsavtalen har vore til offentlig ettersyn, og skal handsamast i formannskapetets møte den 15. januar d.å. På same møte skal også sak som gjeld søknad om økonomisk støtte/kompensasjon for å bygge ut dei tekniske anlegga handsamast. Så snart utbyggingsavtalen, rammeløyve og vedtak om økonomisk kompensasjon frå kommunen er på plass vil vi setje i gang arbeidet med innhente tilbud frå aktuelle entreprenørar. Vi håper å kunne starte opp arbeidet med å dei tekniske anlegga innan sommaren/tidleg haust.

Vi ser fram til ei positiv handsaming av søknaden.

Med vennleg helsing



Anne Ma Solheim og Arthur Almestad

Kopi: Kima Arkitektur v/Inge Hareide



KIMA Arkitekter AS

Postboks 5940
0908 OSLO

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/12	33/105		FEL / BRB	31.01.2014

**MTK-SAK 13/14. ANNE MA SOLHEIM OG ARTHUR ALMESTAD 33/105 -
FORLENGING AV DISPENSASJON I MTK-SAK 44/12**

Vedlagt følger MTK-sak 13/14.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 28.01.2014 og gjorde slikt vedtak:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsendring for Vågsholmen 1515201262 (godkjend 29/8-13) § 9 Rekkjefølgjekrav midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

Pkt. 9.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt. 9.3 – Pumpestasjon /tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. 3. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.

Dispensasjonen er mellombels og tidsavgrensa til å gjelde i 1 år frå dette vedtaket sin dato.

Grunngjeving for dispensasjon:

Maritim og teknisk komite gav i MTK-sak 44/12 dispensasjon frå krava i reguleringsplan for etablering av pumpestasjon / tilkobling til kommunalt avløpsnett og realisering av køyreveg T3 samstundes med utbygging av bustadområdet B1.

Det er ikkje vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon. Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei omsyn som planen skal ivareta og tiltakshavar har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyving vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får

etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Ein gjer elles merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:

Anne Ma Solheim og Arthur Almestad
Anlegg- og driftsavdelinga

Vågsholmen
her

6090 FOSNAVÅG



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/12
		Arkiv:	33/105

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/14	Maritim og teknisk komite	28.01.2014

ANNE MA SOLHEIM OG ARTHUR ALMESTAD 33/105 - FORLENGING AV DISPENSASJON I MTK-SAK 44/12

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsendring for Vågsholmen 1515201262 (godkjend 29/8-13) § 9 Rekkjefølgjekrav midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

Pkt. 9.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt. 9.3 – Pumpestasjon /tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. 3. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.

Dispensasjonen er mellombels og tidsavgrensa til å gjelde i 1 år frå dette vedtaket sin dato.

Grunngjeving for dispensasjon:

Maritim og teknisk komite gav i MTK-sak 44/12 dispensasjon frå krava i reguleringsplan for etablering av pumpestasjon / tilkobling til kommunalt avløpsnett og realisering av køyreveg T3 samstundes med utbygging av bustadområdet B1.

Det er ikkje vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon. Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei omsyn som planen skal ivareta og tiltakshavar har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyving vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Ein gjer elles merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 28.01.2014

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsendring for Vågsholmen 1515201262 (godkjend 29/8-13) § 9 Rekkjefølgjekrav midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

Pkt. 9.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt. 9.3 – Pumpestasjon /tilkopling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar. 3. For område B1 er kravet før bustadhus vert ferdigstilt/tekne i bruk.

Dispensasjonen er mellombels og tidsavgrensa til å gjelde i 1 år frå dette vedtaket sin dato.

Grunngjeving for dispensasjon:

Maritim og teknisk komite gav i MTK-sak 44/12 dispensasjon frå krava i reguleringsplan for etablering av pumpestasjon / tilkobling til kommunalt avløpsnett og realisering av køyreveg T3 samstundes med utbygging av bustadområdet B1.

Det er ikkje vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon. Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei omsyn som planen skal ivareta og tiltakshavar har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyseing vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Ein gjer elles merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

KIMA arkitektur AS PB5940 Majorstuen, 0908 OSLO
Anne Ma Solheim og Arthur Almestad, Vågsholmen, 6090 Fosnavåg
Anlegg og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

01 – Søknad om forlenging av dispensasjon med vedlegg

02 - Saksprotokoll i MTK-sak 44/12

Saksopplysningar:

Arthur Almestad og Anne Ma Solheim, eigarar av gnr 33 bnr 116, søker her om ei forlenging av dispensasjonen som er gjeve i MTK-sak 44/12.

Sidan vedtak i MTK-sak 44/12 er reguleringsendring for Vågsholmen vedtatt (1515201262 VÅGSHOLMEN) og det går framleis føre seg forhandlingar om utbyggingsavtale med Herøy kommune for gjennomføring av planane for området. Eigarar av gnr. 33 bnr. 116 har fått byggeløyve (igangsettingsløyve) for oppføring av bustadhus på eigedommen.

Søklar ønskjer å forlenge den tidsavgrensinga som er gitt i tidlegare dispensasjon til det er inngått utbyggingsavtale mellom Vågsholmen Utvikling AS og kommunen, og at det er etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei tekniske løysingane som blir bestemt.

Almestad/Solheim viser til at det i etterkant av dispensasjonsvedtaket i Maritim og teknisk komite er det gjort eit betydeleg arbeid for å få på plass ei utbyggingsavtale med kommunen. Dei hevdar å ha hatt eit godt samarbeid med kommunen heile vegen, og det ligg no føre utkast til avtale med eit omfattande underlagsmateriale som omhandlar det tekniske grunnlaget for utbygginga av veg, vatn og kloakk samt eit anslag på totale kostnader knytt til utbygginga. Føretaket AG Plan og Arkitektur v/ Kåre Gjengedal er engasjert av utbyggingsselskapet Vågsholmen Utvikling for å utarbeide det tekniske underlaget.

Søklar hevdar at forslag til avtale med underlagsmateriale vart presentert og overlevert til Anleggs- og driftsavdelinga i møte med Vågsholmen Utvikling den 4.11.2013, og at utbyggingsselskapet ventar på ei tilbakemelding frå kommunen for saka kan førebuast for politisk handsaming. Søklar viser til at arbeidet med å realisere utbygginga av veg vatn og kloakk i samsvar med utbyggingsavtala vil bli sett i gong så snart avtala er vedteken av kommunen.

Det har tidlegare vore bakgrunn og føresetnader for søknaden at søklar har alle intensjonar om å vere med å bidra til at veg og avløpsløyser vert i samsvar med godkjend reguleringsplan. Tiltakshavar er ein del av Vågsholmen Utvikling AS som pr d.d er i forhandlingar med Herøy kommune om godkjenning av ein utbyggingsavtale for Vågsholmen. Omsøkt eigedom er det einaste konkrete byggeprosjektet innanfor reguleringsplanen som ein har registrert pr. dato.

Det kan også nemnast at det tidlegare er lagt fram ei fråsegn frå dei andre grunneigarar der dei samtykkjer til at dei ikkje vil søkje midlertidig unntak frå reguleringsføresegnene.

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsleiaren viser til dei vurderingane som er gjort i MTK-sak 44/12 og held fast på desse.

Det er framleis vurdert slik at tiltaket og søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsplan ikkje sett til side vesentleg dei omsyn som planen skal ivareta.

Grunngjevnad er her at det er satt igong forhandlingar om utbyggingsavtale og tiltakshaver er ein av partane i selskapet som fører forhandlingar med kommunen. Likeså ligg det føre fråsegn frå andre grunneigarar innanfor planområdet som fråskriv retten til å søkje dispensasjon frå same bestemmelsane (ut 2013). Vidare vil det vere etter kommunen si oppfatning ein overvekt av fordelar med å dispensere frå bestemmelsane som omsøkt i dette særskilde tilfellet. Grunngjevnad er her at tiltakshaver har signalisert at ein har all intensjon om å vere med å bidra til at veg og avløpsløyising vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Utviklingsleiaren viser til at vegen utover Vågsholmen i dag framstår som ein grovplanert anleggsveg for å gjere mogleg utbygging av bustadhuset på gnr 33 bnr 116 (Almestad/Solheim).

Det går i dag føre seg forhandlingar om utbyggingsavtale for dette området og det er ikkje kjent når denne avtala vil vere vedtatt av kommunen.

Med bakgrunn i tidlegare framlagt fråsegn frå eigarane i området, vurderer utviklingsleiaren det ikkje som særskilt relevant at ein dispensasjon i denne saka vil skape presedens for liknande søknader om dispensasjon.

Etter ei heilskapleg vurdering og med vekt på at det ikkje er **vesentlege endringar i saksforholda som talar i mot ei forlenging av tidlegare gitt dispensasjon**, vil utviklingsleiaren rå til at Maritim og teknisk komite forlenger tidlegare dispensasjon i denne saka i tråd med tilrådinga ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 14.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Anne Ma Solheim og Arthur Almestad

Vågsholmen
6090 FOSNAVÅG

Saksnr 2011/673	Arkiv 33/105	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar FEL / BRB	Dato 14.06.2012
--------------------	-----------------	------------	---------------------------------	--------------------

**MTK-SAK 44/12. GNR 33 BNR 116 ALMESTAD/SOLHEIM-
DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSBESTEMMELSANE TIL
1515201002 VÅGSHOLMEN**

Vedlagt følger MTK-sak 44/12.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 12.06.2012 og gjorde slikt vedtak:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsplan Vågsholmen (godkjend 25/2-10) §2 Fellesføresegner pkt. 1.3 midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

§2 Fellesføresegner:

Pkt. 6.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt. 6.3 – Pumpestasjon /tilkobling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar.

Grunngjeving:

Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei hensyn som planen skal ivareta og tiltakshaver har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyising vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Dispensasjonen er midlertidig og tidsbegrensa til 31.12.2013.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
KIMA arkitektur as Postboks 5940 0908 OSLO
Anlegg- og driftsavdelinga her



HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2011/673
		Arkiv:	33/105

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/12	Maritim og teknisk komite	12.06.2012

**GNR 33 BNR 116 ALMESTAD/SOLHEIM- DISPENSASJON FRÅ
REGULERINGSBESTEMMELSANE TIL 1515201002 VÅGSHOLMEN**

Tilråding:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsplan Vågsholmen (godkjend 25/2-10) §2 Fellesføresegner pkt. 1.3 midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

§2 Fellesføresegner:

Pkt.6.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt.6.3 – Pumpestasjon /tilkobling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar.

Grunngjeving:

Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei hensyn som planen skal ivareta og tiltakshaver har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløyising vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Dispensasjonen er midlertidig og tidsbegrensa til 31.12.2013.

Møtebehandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 12.06.2012

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL §19-2 og Reguleringsplan Vågsholmen (godkjend 25/2-10) §2 Fellesføresegner pkt. 1.3 midlertidig dispensasjon frå følgjande forhold:

§2 Fellesføresegner:

Pkt.6.2 – Køyreveg T3 skal ferdigstillast samstundes med B1

Pkt.6.3 – Pumpestasjon /tilkobling til kommunalt avløpsnett skal vere på plass før ny utbygging startar.

Grunngjeving:

Tiltaket sett ikkje vesentleg til side dei hensyn som planen skal ivareta og tiltakshaver har signalisert at ein vil vere med å bidra til at veg og avløpsløysering vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Dispensasjonen er gjort midlertidig i påvente av at Vågsholmen Utvikling AS får etablert kommunaltekniske anlegg i samsvar med dei krav som kommunen set i utbyggingsavtalen for området.

Dispensasjonen er midlertidig og tidsbegrensa til 31.12.2013.

Særutskrift:

KIMA arkitektur AS PB5940 Majorstuen, 0908 OSLO
Anne Ma Solheim og Arthur Almestad, Vågsholmen, 6090 Fosnavåg
Anlegg og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

Søknad om frå KIMA arkitektur AS, datert 20.04.2012 m/vedlegg

Fråsegn frå grunneigarar, datert 04.05.2012

Situasjonskart 1:1000, datert 05.06.2012

Uttale frå Anlegg og driftsavdelinga 01.06.2012

Saksopplysningar:

KIMA arkitektur AS søker på vegne av Almestad/Solheim dispensasjon frå rekkjefølgjekrav i reguleringsplan -1515201002 VÅGSHOLMEN.

Det er søkt om midlertidig dispensasjon frå §2 Fellesføresegner pkt.6.2 – Køyreveg T3 og pkt.2.6.3 tilknytning til offentleg avløpsnett. Grunngjeving for søknaden er at søker har alle intensjonar om å vere med å bidra til at veg og avløpsløyseringar vert i

samsvar med godkjend reguleringsplan. Tiltakshaver er ein del av Vågsholmen Utvikling AS som er i forhandlingar med Herøy kommune om å få godkjend ein utbyggingsavtale for Vågsholmen. Omsøkt eigedom er det einaste konkrete byggeprosjektet innanfor reguleringsplanen pr.dato og etter tiltakshaver sine vurderingar er det sannsynleg at køyreveg T3 og avløpsløyving kan vere på plass alt i 2013.

Tiltakshaver har og lagt fram ei fråsegn frå andre grunneigarar innanfor reguleringsplan- 1515201002 VÅGSHOLMEN, der dei samtykkjer i at dei ikkje vil søkje midlertidig unntak frå reguleringsføresegnene §2 Fellesføresegner, pkt 6.1, 6.2 og 6.3.

Vurdering og konklusjon:

Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense og krav om mønetak på den omsøkte eigedomen, jfr F-sak 7/12. Basert på dispensasjonsvedtaket vart det gjeve rammeløyve for oppføring av bustadhus på gnr 33 bnr 116 den 20.02.2012.

Før ein kan søkje om igongsetjing av tiltaket må tilhøve knytt til rekkjefølgjebestemmelsane §2 Fellesføresegner pkt. 6.2 og pkt. 6.3 vere avklart.

Saka har vore lagt fram for anlegg og driftsavdelinga og dei har med fråsegn datert 01.06.2012 gitt uttale til saka. Anlegg og driftsavdelinga vurderer det til at ein kan dispensere frå rekkjefølgjeføresegna §2.6.2, Køyreveg T3, medan dei frårår at ein gjev dispensasjon frå rekkjefølgjeføresegna §2.6.3, tilkobling kommunalt avløpsnett.

Grunngjeving for å frårår dispensasjon frå §2.6.3 er med omsyn til presedens.

For å kunne gi dispensasjon frå plan skal to forhold vurderast nærmare:

«Om hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt»

og

«I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering»

Ein vurderer det til at tiltaket og søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsplan ikkje sett til side vesentleg dei hensyn som planen skal ivareta.

Grunngjevning er her at det er satt igong forhandlingar om utbyggingsavtale og tiltakshaver er ein av partane i selskapet som fører forhandlingar med kommunen. Likeså ligg det føre fråsegn frå andre grunneigarar innanfor planområdet som fråskriv retten til å søkje dispensasjon frå same bestemmelsane (ut 2013). Vidare vil det vere etter kommunen si oppfatning ein overvekt av fordelar med å dispensere frå bestemmelsane som omsøkt i dette særskilde tilfellet. Grunngjevning er her at tiltakshaver har signalisert at ein har all intensjon om å vere med å bidra til at veg og avløpsløyving vert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Ein legg vidare til grunn at krava vedkomande køyreveg og avløpsforhold skal vere innfridd og i tråd med reguleringsplanen sine bestemmelsar innan 31.12.2013.

Tilrådinga er såleis at dispensasjonen er gjort midlertidig og tidsbegrensa.

Fosnavåg, 05.06.2012

Erlend Krumsvik

Jarl Martin Møller

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/15 Mellombels bruksløyve - 4/307 01.12.2014 00:00:00 Haugen Ingeniørkontor as

DS 2/15 Sverre Holding AS 37/130 - Løyve til fasadeendring 06.01.2015

00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 3/15 Olav Kjellstadli - 16/91 - Endring kotehøgd 22.12.2014 00:00:00

Ørsta Byggservice as

DS 4/15 Karl Anton Voldnes 79/55 - Bruksløyve 14.01.2015 00:00:00

Karl-Anton Voldnes m.fl.

DS 5/15 Ferdigattest for parkeringshus i Gerhard Voldnes veg 15.01.2015

00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 6/15 Bente Larsen Nerland/Magnus Nerland 16/131 - Endring av gitt løyve

15.12.2014 00:00:00 Bente Larsen Nerland og Magnus Sævik Nerland

DS 7/15 Tømrer prosjekt as - 31/4 - Endra plassering hus 1 og 2 15.12.2014

00:00:00 Tømrer Service as

DS 8/15 Ferdigattest 40/22 22.12.2014 00:00:00 Artikon as

DS 9/15 Mellombels bruksløyve - 45/170 22.12.2014 00:00:00 Sporstøl

Arkitekter as

DS 10/15 Villy Kvalsund 63/1 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein

07.01.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 11/15 Herøy kyrkje 37/15 - Ferdigattest for installasjon av

løfteplattform/heis 08.01.2015 00:00:00 ThyssenKrupp Aufzuge Norge AS

DS 12/15 Trond Kleppe - 76/39 - Rammeløyve bruksendring 07.01.2015

00:00:00 Myklegard Consult as

DS 13/15 Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av

byggevarer til sel. 14.01.2015 00:00:00 Bjørn Leikanger

DS 14/15 Nils Gunnar Valde - 45/159 - Endring av ansvarsrett 09.01.2015

00:00:00 Per Mulvik as

DS 15/15 Endre Notø - 32/2 - Riving av naust 14.01.2015 00:00:00 Endre Notø

DS 16/15 Alf-Sigmund Hjelmeseth 29/32 - Ferdigattest for riving av brannskada hus 14.01.2015 00:00:00 AF Decom AS

DS 17/15 Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Ferdigattest 15.01.2015 00:00:00 KIMA Arkitektur AS v/ Inge Hareide

DS 18/15 Anders Vold Enerhaug - 58/34 - Endring garasje/verkstad 16.01.2015 00:00:00 Anders Vold Enerhaug

DS 19/15 Herøy Kommune - 29/151 - Tribuneoverbygg 05.01.2015 00:00:00 Christie & Opsahl

DS 20/15 Herøy Vasslag BA gnr 37 - Mellombels bruksløyve og førehandsvarsel 28.11.2014 00:00:00 Frantzen Maskinstasjon AS

DS 21/15 Herøy Vasslag 29/313 - Ferdigattest oppsetjing av pumpestasjon 02.12.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 22/15 Herøy kommune 34/84 - Ferdigattest for opparbeiding av parkeringsplass 02.12.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 23/15 Petter Oskar Pettersen Notø 40/6 - Mellombels bruksløyve 04.12.2014 00:00:00 Bygg & System AS

DS 24/15 Geir Knotten 45/166 - Ferdigattest 12.12.2014 00:00:00 Myklegard Consult AS

DS 25/15 Tømrer Prosjekt as - 37/503 - Støttemur 01.12.2014 00:00:00 Tømrer Service as

DS 26/15 Ferdigattest - 37/101 - tilbygg 03.12.2014 00:00:00 Helge Rødseth

DS 27/15 Jan-Lennart Berge 13/90 - Ferdigattest 15.12.2014 00:00:00 Jan-Lennart Berge

DS 28/15 Tømrrer Prosjekt AS 29/346 - Mellombels bruksløyve seksjon 2
15.12.2014 00:00:00 Tømrrer Service AS

DS 29/15 Ferdigattest - drivhus 15.12.2014 00:00:00 Svein Olav Hatlem

DS 30/15 Herøy kommune - 46/25 - Pipe 15.12.2014 00:00:00 Ståle Berge
VVS as

DS 31/15 Mellombels bruksløyve - 80/14 15.12.2014 00:00:00 Enerbygg Bolig
as

DS 32/15 Mellombels bruksløyve - 83/108 17.12.2014 00:00:00 Enerbygg
Bolig as

DS 33/15 Egersund Herøy AS 22/48 - Ferdigattest 02.12.2014 00:00:00
Multiconsult AS, Egersund

DS 34/15 Aurvoll og Furesund 29/58 - Ferdigattest masseutskifting
02.12.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 35/15 Aurvoll og Furesund AS 29/6,8,9,332 - Løyve til å legge ny
vassleidning 19.11.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 36/15 Ferdigattest pipe - 16/76 17.12.2014 00:00:00 Cementprodukt as

DS 37/15 Ferdigattest seksjon nr 5 - 5/65 17.12.2014 00:00:00 Oluf Teige


DS 38/15 Geir Tjervåg 53/1 - Løyve til oppføring av driftsbygning 06.01.2015
00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 39/15 Grethe Halleråker - 60/277 og 446 - Garasjebygg 05.01.2015
00:00:00 Kvadratbygg as

DS 40/15 Herøy kyrkje 37/15 - Mellombels bruksløyve for deler av kjeller
07.01.2015 00:00:00 Moldskred AS v/ Sindre Moldskred

Referatsaker

Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar

Saksnr
2015/56

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
19.01.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSOMRÅDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID



Lokalisering av planområdet


DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV SJUKEHEIMSOMRÅDET EGGESBØNES i HERØY KOMMUNE PBL § 12-3

Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet og planid

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område på Eggesbønes i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag **12 daa**. Plangrensa for området er tilpassa pågåande planarbeid for Eggesbøjordra i vest og FV654 i nord. PlanID er 201503.




Føremålet med planarbeidet

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for bygging av nye omsorgsbustader med heildøgns omsorgsfunksjon og base for heimetenesta i området ved Herøy omsorgssenter – blå avdeling på Eggesbønes. Byggeprosjektet skal erstatte dagens institusjonstilbod og arbeidsplasslokaltetar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Planarbeidet vil legge rammer oppføring av bygningar inntil 3 etasjer innanfor planområdet.

For å sikre utbygging i tråd med ovannemnde planar er det også behov for omregulering av kommunens eigedom og deler av tilstøytande eigedomar. Planarbeidet vil soleis medføre ei omregulering av internt veg- og parkeringssystem som vist i gjeldande reguleringsplan, slik at dette vert i samsvar med dagens (utbygde) situasjon.

Gjeldande planstatus for området

Den gjeldande reguleringsplanen innanfor området legg til rette for offentleg formål, bustad og vegformål.



Arealbruk i ny plan vil følgje opp hovudformåla i gjeldande plan, men medføre endring i formålsgrenser og byte av formål internt i planområdet.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg som regulert område i kommuneplanens arealdel frå 2014. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er vurdert til å vere i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Planarbeidet blir vurdert til å ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, til at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som vert utgreidd i planomtalen. Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen skal det også gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Offentleg formål (O)
- Bustad (B)
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Gangveg og fortau (GV og F)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande arealformål og omsynssoner.

For bustadrekkja mot Eggesbøvegen ser ein føre seg ei vidareføring av arealformålet for desse eigedomane, med unntak av eit stripeareal som vert omregulert til offentleg formål for skap tilstrekkeleg areal for utbygging av nye omsorgsbustader. Internt vegsystem med rundkøyningar og regulert parkeringsareal er tenkt omregulert til å vere i samsvar med dagens situasjon. Det same gjeld for ny hovudtilkomst til området frå Eggesbøvegen.

Førebuing av området til meir utbygging vil også innebere at det må gjennomførast gravearbeid i og rundt Eggesbøvegen for omlegging av leidningar m.m.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Innspela vil bli behandla av kommunen som ein del av planforslaget til politisk behandling.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med relevante vedlegg. Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn / høyring. Dokumenta vil også kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga

Postboks 274

6099 Fosnavåg

eller på e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Merk innspelet med tittelen;

«Detaljregulering for deler av sjukeheimsområdet på Eggesbønes»

Frist for innspel: **09.03.2015**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til underteikna

Med helsing


Aleksander Zahl Tarberg

Planleggar

Herøy kommune

Tlf: 700 81 368

Vedlegg: Grunnkart (A4-format) med plangrense i målestokk 1:1000





Grunneigarar, naboar, lag,
organisasjonar og offentlege
uttaleinstansar

Saksnr
2013/551

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
02.12.2014

REGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG SANDVIKA - STOKKSUNDKRYSET FV 10 - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet vedtok i møte 03.12.2014, F-sak 203/14, at forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset skal sendast på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planforslaget legg til rette for nye gang- og sykkelveg med tilhøyrande vegareal langs fylkesveg 10 på strekninga Stokksundkrysset til avkøyrsløp mot bustadområde i Sandvika.

Forslag til reguleringsplan blir fremja som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova paragraf 12-3, og består av plankart, føresegner og planomtale med vedlegg.

Grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og lag og organisasjonar blir varsla i eige skriv.

Plandokumenta er tilgjengeleg frå 19.12.2014 på www.heroy.kommune.no og eigen perm utlagt i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i Fosnavåg.

Dei som har innspel til planforslaget, vert bede om å sende desse skriftleg til:

Herøy kommune v/ Utviklingsavdelinga
Postboks 284
6099 Fosnavåg

Innspel kan også sendast elektronisk til e-post:
postmottak@heroy.kommune.no

Alle innspel må vere merka med **"Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset"**.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet blir sett til: **06.02.2015.**

Innspela som blir motteke innan fristen vert vurdert i samband med politisk sluttbehandling av plan.

Eventuelle spørsmål kan rettast til planleggar pr e-post eller telefon.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 700 81 368
aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no



Anlegg

KOPI

Fosnavaag Pelagic AS
postboks 131
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/684	Saksbeh. JRV
11 DES. 2014	
Ark.kode P K24	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 2
Kassasinn	

Ref.sak: MTK

Herøy kommune -Rapport etter inspeksjon den 05.12. 2014 hos Fosnavaag Pelagic AS

Inspeksjonsrapport 2014.146.I.FMMR

Til stede under inspeksjonen

Fra bedriften:

Kurt-Martin Jakobsen
Roar Aasen

Fra myndighetene:

Reidun Schei (Fylkesmannen)
Jon Rune Våge (Herøy kommune)

Resultat fra inspeksjonen

Denne rapporten omhandler resultat fra inspeksjon 5.12.2014 ved Fosnavaag Pelagic AS. Rapporten har status som foreløpig. Dersom vi ikke får noen tilbakemelding om faktiske feil eller misforståelser i rapporten innen to uker etter at rapporten er mottatt, er rapporten å regne som endelig. Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekket **3** avvik og ga **ingen** merknader under inspeksjonen. Avvikene er nærmere omtalt fra side 4 og utover i rapporten.

Avvikene omhandler:

- Utslipp av fett i Indre Havn
- Måleprogram for utslipp til sjø
- Internkontrollen

For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må virksomheten sende dokumentasjon på at avvikene er rettet innen **1.3.2015**. Oppfølging etter tilsynet er nærmere omtalt på side 2. Vi vil til slutt takke for god mottakelse og godt samarbeid under tilsynet.

Med hilsen

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarlig

Reidun Sofie Schei

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Herøy kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg

Informasjon om bedriften

Ansvarlig virksomhet

Navn: Fosnavaag Pelagic AS	
Organisasjonsnr (underenhet): 981968638	Eies av: 999652921
Besøksadresse: Indre Hamn Fosnavåg	Telefon: 70 08 55 50
Bransjenr. (NACE-kode): 10.202 – Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr	E-post: seafood@fosnavaag.com

Kontrollert anlegg

Navn: Fosnavaag Pelagic AS	Anleggsnr.: 1515.0003.01
Kommune: Herøy	Anleggsaktivitet: Fiskeforedling
Kontroll nr.: 2014.146.I.FMMR	Risikoklasse: 3
Tillatelse gitt: 16.08.2012	Tillatelse sist oppdatert: 10.04.2014

Inspeksjonen

Rapporten er utarbeidet etter et tilsyn den 05.12.2014 ved Fosnavaag Pelagic AS. Tilsynet er en oppfølgingsinspeksjon for å sikre at utslipp til Indre Havn og til Holmefjorden følger krav satt i utslippstillatelsen.

Tema for inspeksjonen var:

- Utslipp til Indre Havn
- Måleprogram
- Internkontroll

Vi vil gjøre oppmerksom på at ikke *alle* sider av virksomheten som kan ha betydning for ytre miljø, ble gransket under inspeksjonen. Fosnavaag Pelagic AS må selv aktivt utøve internkontroll, avdekke feil og mangler og sette i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandler avvik som ble funnet under inspeksjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøstatus for virksomheten.

Definisjoner

Avvik: Overtrede av krav fastsatt i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen (for eksempel krav i forurensningsloven, forskrift hjemlet i forurensningsloven, internkontrollforskriften eller krav og vilkår fastsatt i utslippstillatelse eller dispensasjoner, samt virksomhetens egne rutiner for å oppfylle myndighetenes krav).

Merknad: Et forhold som ikke blir omfattet av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatene mener det er rett å peke på da det har eller kan ha betydning for å ta vare på det ytre miljøet.

Andre forhold: Saker som framkom under inspeksjonen og som det kan være nyttig å kjenne til for virksomheten og saksbehandlere. Her kan det også inngå kommentarer til tema som ble tatt opp under inspeksjonen, men der det ikke ble gitt avvik eller merknad.

Oppfølging etter inspeksjonen

Virksomheten plikter snarest å rette opp de avvikene som ble funnet. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må virksomheten sende oss dokumentasjon på

at avvikene er rettet innen **01.03.2015**. Dersom det tar lengre tid å rette noen av avvikene, ber vi om å motta en tidfestet handlingsplan innen samme dato.

Vi ber dere om å rette svarbrevet eller e-post (fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal merket med saksnummer.

Pålegg om skriftlig tilbakemelding er gitt med hjemmel i forurensningsloven § 49. Dere kan klage på vedtaket, jf. forvaltningsloven § 14, og dere har da en klagefrist på 3 dager. En eventuell klage grunnis og sendes til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom virksomheten ikke innen rimelig tidsfrist kan dokumentere at tiltak i forhold til de omtalte avvikene er satt i verk, kan Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. En eventuell tvangsmulkt vil bli vedtatt med hjemmel i § 73 i forurensningsloven, men vil bli varslet nærmere før vedtak.

Gebyr for inspeksjonen

Virksomheten skal betale gebyr for kontrollen, jf. *forskrift om begrenning av forurensning* (forurensningsforskriften) § 39-6 om gebyr for kontroll i virksomheter med tillatelse. Gebyret skal dekke kostnader i forbindelse med forberedelse, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Forskriften er tilgjengelig på www.lovdata.no eller kan fås ved å kontakte Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Virksomheten ble varslet om gebyr under tilsynet og i e-post av 03.09.2014. Tilsynet ved Fosnavaag Pelagic AS er plassert i risikoklasse 3. Dette innebærer at virksomheten skal betale et gebyr på kr. 12 000. Vedtaket om gebyrsats følger risikoklassen og kan ikke påklages. Faktura med innbetalingsblankett vil bli sendt fra Miljødirektoratet.

Offentlighet i forvaltningen

Denne rapporten vil være åpen for offentligheten via postjournalen til Fylkesmannen til Møre og Romsdal (jf. offentleglova). I tillegg vil rapporten være tilgjengelig på www.norskeutslipp.no En kopi av rapporten sendes også til kommunen.

Regelverk

De viktigste HMS-kravene for bransjen finner dere på www.regelhjelp.no. Mer informasjon finnes på Miljødirektoratets hjemmeside www.miljodirektoratet.no og www.lovdata.no.

Hjemlene for avvik i denne kontrollen er i følgende regelverk:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forurensningsloven) av 13. mars 1981
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskriften) av 1. juni 2004
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskriften) av 6. desember 1996
- *Utslippstillatelse til Fosnavaag Pelagic AS 06.08.2012 med endring av 10.4.2014*

Tilsynet har ellers tatt utgangspunkt i:

- Korrespondanse mellom Fosnavaag Pelagic AS og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Virksomhetens egen dokumentasjon knyttet til den tidligere driften og pågående drift

Funn

Forurensningsmyndighetene avdekket disse avvikene:

Avvik 1

Virksomheten har ikke gjennomført en tilstrekkelig gjennomgang av potensielle kilder for å kontrollere at forurenset vann ikke slippes ut i Indre Havn

Avvik fra:

- *Internkontrollforskriften § 5, pkt. 2, 6 og 7*
- *Utslippstillatelse av 06.08.2012 med endring av 10.4.2014*

Kommentar:

I henhold til utslippstillatelsen skal bedriften kartlegge potensielle kilder til akutt forurensning av sjø. Det betyr at kilder som kan medføre akutt utslipp med fare for tilgrising av Indre Havn, skal være kjente og det skal være iverksatt forebyggende tiltak for å eliminere faren for utslipp fra disse.

Dersom det, som følge av unormale driftsforhold eller av andre grunner, oppstår fare for økt forurensning, plikter bedriften å iverksette de tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den økte forurensningsfaren, herunder om nødvendig å redusere eller innstille driften.

Bedriften skal så snart som mulig informere Fylkesmannen eller havnemyndigheten om unormale forhold som har eller kan medføre tilgrising av Indre Havn.

For å unngå utilsiktede utslipp, skal bedriften sørge for forebyggende vedlikehold av utstyr som er av utslippsmessig betydning. System og rutiner for vedlikehold av slikt utstyr skal være dokumentert.

Følgende punkter er mangelfullt dokumentert i virksomhetens miljørisikoanalyse og det skal lages en tidfestet handlingsplan for disse forebyggende tiltakene for å hindre utslipp og tilgrising av Indre Havn. Følgende forhold må utføres:

- Renseanlegget for prosessvann skal ha:
 - installert relevante overvåkings- og alarmsystemer
 - forebyggende vedlikeholdsrutiner for kritisk utstyr av utslippsmessig betydning
 - iverksatt sannsynlighetsreducerende tiltak/barrierer for akuttutslipp
- Overløp/diffuse utslipp fra anlegget/eksisterende rørsystem skal ikke ledes til Indre Havn
 - slike utslipp skal kartlegges og elimineres
- Kontrollrutiner av båter som leverer fisk, skal forbedres i samarbeid med den lokale havnemyndighet
- Det skal foreligge en definisjon av grensesnittet for båtens og virksomhetens ansvarsområder med hensyn til å hindre utslipp i Indre Havn.

- Uønskede hendelser med utslipp i Indre Havn skal registreres og behandles i bedriftens avvikssystem.

Det skal finnes en **skriftlig handlingsplan** med oversikt over de forebyggende tiltak som skal settes i verk. *Frist 1.3.2015*

Avvik 2

Virksomheten sitt måleprogram for utslipp til sjø har mangler.

Avvik fra:

- *Internkontrollforskriften § 5, pkt. 2, 5 og 7*
- *Utslippstillatelse av 06.08.2012 med endring av 10.4.2014*

Kommentar:

I henhold til utslippstillatelsen skal virksomheten iverksette et måleprogram for kontrollmåling av utslipp til vann som skal inngå i bedriftens dokumenterte internkontroll. Formålet med målingene er å dokumentere at gitte krav overholdes, og at de rapporterte årlige utslipp i Altinn er representative for det årlige utslippet til Holmefjorden.

Virksomheten sitt råstoff og dets innhold av fett varierer med årstid og produkt. Måleprogrammet skal sørge for at det foreligger data fra de ulike produksjonene og at disse inngår i beregning av det årlige utslippet. Bedriften skal ha en driftslogg som også registrerer tilfeller av overløp til Holmefjorden. Denne loggen inneholder grunnlagsdata for å beregne årlig mengde urensset overløp til Holmefjorden. Urenset utslippet skal inngå i de årlige utslippstallene.

Måleprogrammet skal ha en beskrivelse av hvordan konsentrasjoner og vannmengder som er rapportert i Altinn, er målt, og det skal inneholde en beskrivelse av hvordan årlige utslipp er beregnet med de utførte målingene og loggførte data.

Måleprogrammet skal ha en skriftlig dokumentasjon av hvordan usikkerhet basert på enkeltmålinger er vurdert for årlige utslipp rapportert i Altinn. Måleprogrammet skal blant annet beskrive og grunngi valg av frekvens for prøveuttak sendt til analyse, og velge frekvenser som sikrer at prøvene blir mest mulig representative for det årlige utslipp.

For å få mest mulig representative målinger, skal usikkerheten i beregning av det årlige utslipp reduseres til et akseptabelt nivå. Det akseptable nivået avhenger av utslippets betydning for miljøet, hva som er praktisk å gjennomføre og kostnadene for å redusere usikkerheten. Valg av akseptabelt nivå, skal grunngis i måleprogrammet.

Standarder som konsulentene/analyselaboratoriet benytter, skal nevnes i måleprogrammet.

En veileder for måleprogram kan lastes ned fra fanen Publikasjoner på hjemmesiden til Miljødirektoratet www.miljodir.no. Søk etter M6.

Det skal finnes et **skriftlig måleprogram** som viser beregning av årlige utslipp til Holmefjord med en angivelse av usikkerhet. *Frist 1.3.2015*

Avvik 3

Virksomhetens dokumenterte internkontroll oppfyller ikke kravene i internkontrollforskriften

Avvik fra:

- *Internkontrollforskriften § 5, pkt. 4,5,6, 7 og 8*

Kommentar:

I henhold til internkontrollforskriften skal internkontrollen dokumenteres i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av virksomhetens art, aktiviteter, risikoforhold og størrelse.

Følgende punkter skal være skriftlig dokumentert i virksomhetens internkontroll:

- Mål for ytre miljø som utslipp til vann, avfallshåndtering, lukt eller støy. Virksomheten produserer avfall, slipper ut forurenset vann til sjø og har støy- og luktemisjon, og må fastsette konkrete mål i henhold til dette. Målene skal være tallfestet og målbare og måloppnåelse skal være en del av ledelsens årlige gjennomgang av ytre miljø
- Ha en oversikt over virksomhetens organisasjon herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med ytre miljø er fordelt
- Kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko for uønskede utslipp til ytre miljø, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene
- Ha et system, avviksbehandling, for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelse av krav for ytre miljø med hensyn til naboklager /akuttutslipp/ overskridelser av utslippsgrenser og feil i forbindelse med levering av avfall.
- Ha en systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt.

Det skal finnes en **skriftlig dokumentert internkontroll**. *Frist 1.5.2015*

Andre forhold

I utslippstillatelsen er det stilt krav om undersøkelse av utslippspunktet i Holmefjorden. Dette kravet settes i bero siden det nå synes som forholdene er forbedret etter at kommunen hadde en gjennomgang av det kommunale kloakkrensaneanlegget.

Dette krav kan bli initiert i framtida.

Informasjon gitt til virksomheten

Brosjyrer/informasjonsark utdelt:

- Faktaark om gebyr



Advokatfirmaet Holvik & Angelshaug

Postboks 25
6701 MÅLØY

Saksnr 2013/1003	Arkiv K24	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar ANLD / JRV	Dato 16.01.2015
---------------------	--------------	------------	----------------------------------	--------------------

KLAGE PÅ PÅLEGG OM FJERNING AV FARTØYET VOLLERT, LKAE

Viser til utsendt pålegg datert 17.10.2014. Det vert vidare vist til Dykkar brev, motteke på e-post 11.11.2014, der de klagar på pålegget. Ein seier seg lei for at De ikkje har fått svar tidlegare.

I brevet Dykkar påpeikar De at

- frist for tilbakemelding på varsel om tvangsmulkt er sett til 1. oktober 2014, dvs. før utsending av brevet som var datert 17. oktober 2014, og at dette er ein sakshandsamingsfeil hos kommunen.
- frist for gjennomføring av pålegget om heving sett til 31.12.2014 er for kort. De søker med bakgrunn i dette om utsett frist for heving til utgangen av april måned 2015.

Frå kommunen si side vil ein sterkt beklage at det har vorte gjort ein sakshandsamingsfeil ved fastsetjing av frist for tilbakemelding på varsel om tvangsmulkt. Feilen består i, som De skriv i brevet Dykkar, at frist er sett før utsending av varselet.

Kommunen seier seg nøgd med at De på vegne av SO Fisk AS stadfestar at fartøyet VOLLERT vil bli fjerna og deponert. Med bakgrunn i dette og at det er gjort ein sakshandsamingsfeil slik De skriv i brevet Dykkar vil ein setje følgjande nye fristar:

Pålegg om fjerning og deponering av fartøyet Vollert, LKAE, vert forlenga til 1. mai 2015.

Eit evt. vedtak om tvangsmulkt vil først bli utløyst dersom kommunen innan 1. mai 2015 ikkje har motteke dokumentasjon som viser at krava i pålegget ovanfor er oppfylte.

Frist for tilbakemelding angående varsel om tvangsmulkt har blitt sett til **15. februar 2015**.

For øvrige vilkår og klagerett vert det vist til kommunen sitt brev av 17. oktober 2014.

Kommunen stiller seg elles positiv til dialog for å finne dei beste løysingane og ber om å bli fortløpande orientert om prosessen med gjennomføring av pålegget.

Med helsing

Jon Rune Våge
Avdelingsleiar

Kopi:

Herøy og Sande
lensmannskontor

Fylkesmannen i Møre og
Romsdal

SO Fisk AS

Maritim og teknisk komitè

Svingen 4

Fylkeshuset

v/Visma Services Norge AS
avd. Nordfjord
her

6092 FOSNAVÅG

6404 MOLDE

6701 MÅLØY